Vest-Telemark rådet

samarbeid på alle område og alle plan

Til ordførarane og rådmennene i kommunane:
Fyresdal, Kviteseid, Nissedal,
Seljord, Tokke og Vinje.

18.mai 2011

Innkalling til rådsmøte

Stad: **Morgedal Hotell**
Dato: **Tysdag 24. mai 2011**
Kl. slett: **09.00** (Lunsj kl 12,00)

Innleiingsvis på dette rådsmøtet er ulike representantar invitert til å orientere nærare om Fyresdal Ungdomsråd, Vest-Telemark Museum og Samhandlingsreformen.
Vest-Telemarkrådet skal handsame viktige saker gjeldande Strategisk Næringsplan og vidare organisering av det regionale samarbeidet og det ligg føre forslag til årsmelding/rekneskap for 2010.
Avslutningsvis er leiinga i Vest-Telemark PPT, Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark samt Vest-Telemark Brannvesen invitert til å orientere nærare om drift og økonomi i dei ulike samarbeidsordningane.

Vi minner også om representantskapsmøtet i Vest-Telemark Brannvesen som vil finne stad etter lunsj.

Vel møtt i Morgedal 24. mai.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet

Anne-Nora Oma Dahle (sign)
regionordførar

Kjell Gunnar Heggenes
regionrådsleiar

Telefon: 350 68400
Fax: 350 68401
E-post: vtt@vest-telemark.no
Web: www.vt-radet.no
Bank: 2660.65.03724
Adresse: Granlivegen 1A
Veksthuset
3850 KVITESEID

Sakliste til rådsmøte 24. mai 2011

Sak 31/2011 Referat frå rådsmøte 12. april 2011

Sak 32/2011 Orienteringssaker
- Fyresdal Ungdomsråd
- Vest-Telemark Museum – privatarkivordning for regionen
- Samhandlingsreformen
- Organisering av politiet
- Utviklingstrekk NAV
- Landskonferansen for regionråd
- LVK

Sak 33/2011 Strategisk Næringsplan, prosjektplaner – økonomisk omfang

Sak 34/2011 Forslag til sakliste Vest-Telemarktinget 21. juni 2011

Sak 35/2011 Forslag til årsmelding og årsrekneskap 2010

Sak 36/2011 Vidare organisering av regionsamarbeidet

Sak 37/2011 Interkommunale samarbeidsordningar – orienteringar/drøftingar
Vest-Telemark PPT
Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark
Vest-Telemark Brannvesen

Sak 38/2011 Ymse

Sak 31 /2011 Forslag til referat frå rådsmøte 12. april 2011.
(Korrigert versjon)

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Bjørn Nome, Olav Urbø, Solveig S. Abrahamsen, Torstein Tveito, Arne Vinje, Sverre Sæther, Ketil Kiland, Therese Hauger, Per Dehli, Hans Bakke, Hans Kristian Lehmann og regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggenes.

Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 27/2011 Referat frå ekstra rådsmøte 15. mars 2011
Vedtak: Referat frå ekstra rådsmøte 15. mars 2011 vart samrøystes godkjent.

Sak 28/2011 Strategisk Næringsplan, vidare arbeid.
Etter vedtak i Tinget er Vest-Telemarkrådet ansvarleg for heile planen og finansieringa av denne. Til rådsmøtet 12. april låg det føre utkast til vidare framdrift i arbeidet med planen med forslag om å delegere prosjektansvaret på tiltaksnivå til dei aktørane som i prosessen har fremma og utvikla prosjekta. I samband med tiltak 3 – 4 SIVA Næringshage er det ei klar haldning at regionen ynskjer ein slik lagt til Vest-Telemark. Dette er også formelt meddelt Telemark fylkeskomune.

Vedtak:
Som prosjektansvarleg for Strategisk Næringsplan 2011 – 2014 vedtek Vest-Telemarkrådet fordelinga av utførings - ansvar slik det går fram av saka, med unntak av tiltak "2-2 Felles reiselivsprogram" der ein ynskjer at dei reiselivsansvarlege får rolla som styringsgruppe for prosjektet. Rådet skal stå for finansiering av planen, medan næringsgruppa får til oppgåve å syte for forankring av kommunal deltaking. Ein legg opp til at forslag til prosjektplaner og økonomisk omfang skal handsamast i rådsmøtet 24. mai.

1. *Tiltaka skal organiserast på ein effektiv måte som sikrar forankring og ivaretek det formelle i høve til bestilling/utføring.*
2. *Vest-Telemarkrådet eller grupper oppnemnt av dette er styringsgruppe for dei ulike tiltaka.*
3. *Når det gjeld tiltak 3 – 4 SIVA Næringshage er arbeidsutvalet (AU) styringsgruppe. Vidare vert det oppnemnt ei arbeidsgruppe med representantar frå kvar enkelt kommune og leiaransvar lagt til Seljord kommune. Arbeidsgruppa har som oppgåve å organisere det vidare arbeidet med næringshage, herunder utkast til søknad.*

Sak 29/2011 Utvida brannvernsamarbeid, orientering v/Hans Kristian Lehmann
Det låg føre utgreiing om eit mogleg utvida brannvernsamarbeid i regionen. Utgreiinga konkluderer med å tilrå utviding av brannvernsamarbeidet til også å gjelde beredskapsarbeidet, noko som mellom anna inneber oppretting av ny stilling som beredskapsleiar. Styreleiar i brannvernsamarbeidet, Hans Kristian Lehmann var tilstades og gjorde nærare greie for utgreiinga.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til konklusjonen i rapporten og rår til at saken blir lagt fram til handsaming i kvar enkelt kommune. Samrøystes vedtak.

Sak 30/2011 Orienteringssaker.

Politikar 2020.
Prosjektleiar Ole Dalen orienterte nærare om status for prosjektet. Politikar 2020 er no eit Telemarksprosjekt der det blir signalisert forankring frå mange hald. Etter møte med statssekretær Dag Henrik Sandbakken er det også vist stor interesse frå Kommunal- og Regionaldepartementet for prosjektet. Politikarveka i Bø 19. – 21. august er no under førebuing, og arbeidet med å opprette aktuelt politikarstudium ved Høgskulen i Telemark er innretta på oppstart frå 1. januar 2012.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Digitalt samarbeid.
Ole Dalen orienterte om det digitale samarbeidsprosjektet som er eit Telemarksprosjekt. Ein har kome langt i arbeidet med tilpassinga av reiselivsdatabasen Tellus der mellom anna Seljord-portalen er
ein integrert del av denne. Alt bygger på den digitale plattforma Origo.
Viktige stikkord er: Montering av info-kioskar i regionen, modernisering av reiselivskalenderen *Kva skjer*, lenke til facebook osb.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Bompengesaken.
Regionrådsleiar orientert kort om status i bompengesaken. Det ligg føre forslag om bompengefinansiering av 4 delstrekningar på E134 mellom Seljord og Åmot. Forslaget skal i nær framtid opp til formell handsaming i kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje. Telemark fylkeskommune skal handsame saken i juni inneverande år med tanke på vidare ekspedisjon fyrst til Vegdirektoratet, deretter til Samferdselsdepartementet og tilslutt framlegging til endeleg handsaming i Stortinget.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Snøskuter-saken.
Arne Vinje orienterte nærare om saken. Vinje kommune har ikkje formell status som forsøkskommune men har fått løyve til å halde fram til ny lov ligg føre. Endeleg avklaring vil truleg kome denne våren og kvar enkelt kommune vert oppfordra til å spele inn synspunkt i saken.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Breiband, vidare utbygging.
Børge Skårdal orienterte nærare om arbeidet med vidare utbygging av breibandskapasiteten i regionen. Ein er no i starten av fase 2 der målsettinga er å bygge høgkapasitets breiband til så mange som råd. Planen er å starte den vidare utbygginga der kvaliteten i dag er dårleg. Dette inneber vidare utbygging av fiber og ei gradvis utfasing av ADSL samstundes som radiolinje fortsatt er aktuelt. Utbygginga vil måtte gå over tid og vera eit spleiselag mellom stat, fylkeskommune, enkeltkommune og utbyggjar.
Vedtak:Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

LVK-nytt.
Anne-Nora Oma Dahle orienterte kort om siste nytt frå LVK, der mellom anna makstak-saken i samband med beskatning er eit svært viktig tema.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Telemark Utviklingsfond.
Telemark Utviklingsfondet er nyleg etablert som organ for løyving av konsesjonskraftmidlar og det er vedteke retningsliner for dette.
Olav Urbø, som er regionens representant i styret for fondet, gav ei kort orientering om aktuelle problemstillingar i samband med dette.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Ny drift Suleskarekspressen.
Olav Urbø orienterte nærare om saken. Det er løyvd kr. 550 000,- i form av KID-midlar (kollektivtrafikkmidlar i distrikta) til marknadsføring og ny oppstart av Suleskar-ekspressen mellom Stavanger og Åmot. Det er lagt til grunn at dei aktuelle kommunane og fylkeskommunane langs ruta skal delta økonomisk for å få tilstrekkeleg grunnlag.
Oppstart av ruta er tidfest til sommaren 2012.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Møte krisesenter-samarbeidet.
Skien er vertskommune for krisesenter-samarbeidet i Telemark og det ligg føre invitasjon til kontaktmøte i Skien 6. mai.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet ber rådmannsutvalet velje utsending til møtet og at denne også kan vera regionens representant vidare i krisesenter-samarbeidet.

Felles kommunestyremøte i samband med Tinget 21. juni ?
Det vart teke opp til drøfting om det er aktuelt å kombinere møtet i Tinget 21. juni med eit felles kommunestyremøte for alle kommunane.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet ser det ikkje som aktuelt å kombinere møtet i Tinget 21. juni med eit felles kommunestyremøte for dei 6 kommunane. Ein vil vurdere dette på nytt etter at ny kommunestyreperiode har trådd i kraft.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes

NOTAT om SIVA - Næringshage

Dato:
8. april 2011

SIVA Næringshage i Vest-Telemark

Etter at Seljord kommune sendte ein søknad til Telemark fylkeskommune om etablering av ein SIVA-næringshage har det vore noko uklart korleis ein eventuell etablering vil virke i regionen. Med bakgrunn i dette har Kviteseid kommune og Seljord kommune hatt eit dialogmøte for å klargjere forholda rundt ein eventuell etablering. Eit viktig punkt var korleis ein etablering av ein SIVA-næringshage vil virke i forhold til VTNU A/S.

På møte mellom Kviteseid kommune og Seljord kommune 8. april 2011 på kommunehuset i Kviteseid vart dei to kommunane samde i å legge fylgjande punkter til grunn når det gjeld etablering av eit SIVA-næringshagemiljø i Vest-Telemark.

- Kommunane vi arbeide for at IKT-miljøet i Kviteseid kommune (Finndalen IKT) skal danne ein aktiv IKT-node i eit framtidig SIVA-Næringshagemiljø i regionen.
- Det har oppstått ein uro for at etablering av ein SIVA-næringshage i regionen vil svekke VTNU A/S sin posisjon i regionen. Kommunane er samde om at:
    - VTNU A/S i Kviteseid er eit instrument for samfunnsutvikling i Vest-Telemark. Ein næringshage er eit instrument for å utvikle bedrifter i regionen.
    - VTNU A/S hentar nær 100% av sin økonomiske kraft frå det offentlege virkemiddelapparatet som prosjektmidlar. Ein SIVA-næringshage vil i stor grad vera finansiera ved faste langsiktige overføringar, og ha hovudsakeleg privat eigarskap.
    - SIVA vil naturleg nytte VTNU A/S si rolle som etablererveileder. Etablerkontoret arbeider mykje med etablering av bedrifter, medan næringshager vil jobbe med vidareutvikling av bedrifter.

Kviteseid kommune og Seljord kommune ber VTR ta stilling til korleis prosessen skal vidareførast i samarbeid med Hjartdal kommune for å legge ein god søknad fram for Telemark fylkeskommune.

Fylgjande personar var tilstades på møtet:

Ordførar Torstein Tveito frå Kviteseid kommune
Ordførar Solveig Sundbø Abrahamsen frå Seljord kommune
Gunnar Rud frå Kviteseid næringslag
Rådmann Per Dehli frå Seljord kommune
Sektorleiar Anne Aasmundtveit frå Kviteseid kommune
Rådgjevar Asbjørn Storrusten frå Seljord kommune

Per Dehli
Rådmann
Seljord kommune

Vest-Telemarkrådet *Møte 24. mai 2011*

Sak 33/2011 Strategisk Næringsplan 2011 – 2014 for Vest-Telemark
Prosjektplanar – økonomisk omfang

Bakgrunn.

Vest-Telemarktinget vedtok i møte den 29. mars 2011 sak nr. 10/2011fylgjande:

"Strategisk Næringsplan 2011-2014 vert vedteken slik den ligg føre med desse merknadene:
Høyringsuttalar
Strategisk næringsplan er handsama i alle kommunestyra som er med i Vest-Telemark samarbeidet, og alle kommunane har sendt uttale til planen. Det har og kome uttalar/innspel frå andre aktørar. Alle høyringsuttalene vert lagt til som vedlegg til planen og nyttast i det vidare arbeidet.

Planen sin status
Strategisk næringsplan har status som supplement til dei kommunale næringsplanane.

Kommunal forplikting til planen
Den einskilde kommune må godkjenne si deltaking og direkte økonomiske bidrag (eigenfinansiering) før enkeltprosjekt startast opp.

Permanent regional næringsgruppa
Det vert etablert ei permanent regional næringsgruppe som består av næringsansvarlege i kvar kommune og ein representant frå Vest- Telemark Næringsforum. Næringsgruppa får mandat til å konstituere seg sjølv og velje leiar.
Sekretariat for Vest-Telemarkrådet er ansvarleg for å informere leiar i næringsgruppa fortløypande om næringssaker, samt vere sekretær for gruppa.
Regionsordførar vert invitert til møta som observatør. Det same gjeld representant frå Telemark fylkeskommune.

Mandatet for næringsgruppa er å vera rådgjevingsgruppe for Vest-Telemarkrådet, samt å få ei meir koordinert og fagleg god rådgjevingsteneste, med tett samarbeid mellom kommunane. I tillegg skal gruppa legge til rette for målsetjinga om å få gjennomført regionale tiltak/prosjekt i tråd med strategisk næringsplan."

Vest-Telemarkrådet handsama det vidare arbeidet med Strategisk Næringsplan i møte den 12.04.2011 sak nr. 28/2011 og vedtok fylgjande:

Som prosjektansvarleg for Strategisk Næringsplan 2011 – 2014 vedtek Vest-Telemarkrådet fordelinga av utførings - ansvar slik det går fram av saka, med unntak av tiltak "2-2 Felles reiselivsprogram" der ein ynskjer at dei reiselivsansvarlege får rolla som styringsgruppe for prosjektet. Rådet skal stå for finansiering av planen, medan næringsgruppa får til oppgåve å syte for forankring av kommunal deltaking. Ein legg opp til at forslag til prosjektplaner og økonomisk omfang skal handsamast i rådsmøtet 24. mai.

1. *Tiltaka skal organiserast på ein effektiv måte som sikrar forankring og ivaretek det formelle i høve til bestilling/utføring.*
2. *Vest-Telemarkrådet eller grupper oppnemnt av dette er styringsgruppe for dei ulike tiltaka.*
3. *Når det gjeld tiltak 3 – 4 SIVA Næringshage er arbeidsutvalet (AU) styringsgruppe. Vidare vert det oppnemnt ei arbeidsgruppe med representantar frå kvar enkelt kommune og leiaransvar lagt til Seljord kommune. Arbeidsgruppa har som oppgåve å organisere det vidare arbeidet med næringshage, herunder utkast til søknad.*

Det er no utarbeida prosjektplanar for alle dei 13 prosjekta som er vedteke i Strategisk Næringsplan. Desse prosjektplanane ligg som vedlegg 1 til saka.
På bakgrunn av dei vedlagte prosjektplanane er det sett opp ein oversikt over dei økonomiske rammene i Strategisk næringsplan 2011-2014, vedlegg 2. Denne ramma er på 85 mill. brutto, der 27,5 mill. alt er finansiert. Det er lagt opp til at Vest-Telemarkrådet er ansvarleg for å finansiere planen og det er no 52 mill som står att å finansiere. Vidare er det i trå med tidlegare vedtak lagt opp til at kommunane medfinansierar tiltak dei ynskjer å ta del i. Ein har i prosjektplanane lagt opp til ein kommunal medfinansiering på om lag kr. 6 mill. Denne delen er sjølvsagt avhengig av vedtak i kvar einskilt kommune knytt til kvart einskilt tiltak.

Ein har vidare starta på ein prosess der ein søker å finansiere planen gjennom eit partnarskap med Telemark fylkeskommune og programfinansiering gjennom Telemark Utviklingsfond. Ein føreset då at Vest-Telemarkrådet vert tilført årlege midlar til utvikling av Vest-Telemark gjennom Strategisk Næringsplan 2011 – 2014. Det er viktig at Rådet får denne grunnleggande finansieringa med fylkeskommunen/TUF på plass så snart som råd, då dette er avgjerande for å lukkast i arbeidet med å nå måla i Strategisk Næringsplan.

Næringsgruppa for Vest-Telemark handsama saka i møte den 13.05.2011 og tilrår prosjektplanane i Strategisk Næringsplan slik dei ligg føre, med følgjande kommentarar:

> Prosjektnummer 2-3, gjennomføringsansvar og organisering av "Vandreregionen"
> Prosjektnummer 3-4, spørsmål rundt dei aktuelle aktørane for SIVA Næringshage
> Prosjektnummer 4-4, avklaringar rundt vidare arbeid for Høgfartsbane.

Forslag til vedtak:
"Vest-Telemarkrådet vedtek framlegget til prosjektplanar med samla finansieringsplan av Strategisk Næringsplan 2011 – 2014. Den kommunale deltakinga skal vedtakast for kvart tiltak i den einskilt kommune"

Sak 34/2011 Forslag til sakliste Vest-Telemarktinget 21. juni 2011

1/2011 Opprop

2/2011 Godkjenning av innkalling og sakliste

3/2011 Val av 1 person til å skrive under protokollen i lag med regionordførar

4/2011 Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap for 2010

5/2011 Val av revisor

6/2011 Orientering om VTNU sine ulike aktivitetar

Vest-Telemarkrådet *Møte 24. mai 2011*

Sak 35/2011 Forslag til årsmelding for Vest-Telemarkrådet 2010.

"Vest-Telemarkrådet skal vere eit samarbeidsorgan for dei deltakande kommunane på alle område og alle plan, og skal vere eit organ for løysing av felles spørsmål og oppgåver for dei same kommunane."
Tinget er det øvste styringsorganet og består av ordførar, varaordførar, eit anna kommunestyremedlem samt rådmann frå kvar av dei deltakande kommunane.
Rådet, som består av ordførarane i dei 6 kommunane, står for den daglege drifta saman med dagleg leiar.

Økonomi.
Årets overskot på kr. 3 422,- vert overført eigenkapitalen.

Leiinga.
Ordførar i Nissedal kommune Anne-Nora Oma Dahle har vore regionordførar i Vest-Telemarkrådet i 2010, medan ordførar i Kviteseid kommune Torstein Tveito har vore regionvaraordførar.
Det er halde 1 møte i Vest-Telemarktinget 15. juni 2010. Møtet som til vanleg vert halde i desember vart utsett til mars 2011 grunna arbeidet med næringsplanen.
Tinget vedtok i desember 2009 arbeidsprogram for 2010 – 2011. Arbeidsprogrammet syner retningen for regionrådet og gjeld i 2 år. Det er knytt tiltak til måla og måloppnåinga vert kontrollert av Tinget 2 gonger i året.
Arbeidsprogrammet har fylgjande visjon og mål/tiltak:

VISJON: VEST-TELEMARK - EIN LEVANDE REGION
Vest-Telemark skal vera ein levande region der opparbeidd identitet og kultur vert vidareført saman med innovasjon og nyskaping. Gjennom samhandling over kommunegrenser skal vi gjere regionen attraktiv for busetnad, arbeid og oppleving.

Mål 1 Oppretthalde folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark
Tiltak:

Auke dei unge si sjølvkjensle og tilknyting til distriktet, og stimulere til entreprenørskap
Ha god tilgang til vidaregåande skule, samt etter- og vidareutdanning for innbyggjarane
Auke tilgangen på attraktive bustader, opplevingar og uformelle møteplassar
Stimulere til rekruttering av arbeidskraft
Satse på auka tilflytting og ha fokus på gode integreringstiltak
Nytte samhandlingsreformen til å få best mogleg helsetilbod i regionen

Mål 2 Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet
Tiltak:

Stø opp om kulturtiltak som fremjar kjennskap, identitet og samhandling
Legge til rette for godt regionalt samarbeid, herunder elektronisk kommunikasjon og informasjonsflyt
Drive aktiv marknadsføring av regionen
Drive alliansebygging/lobbyverksemd og kome tidleg inn i dei ulike politiske endringsprosessane

Mål 3 Vidareutvikling og nyetablering av verksemder i Vest-Telemark
***Tiltak*:**

Styrke marknadsføringa av Vest-Telemark som reiselivsmål og vidareutvikle opplevingstilbodet i regionen
Leggje til rette for næringsutvikling med grunnlag i lokale ressursar
Leggje til rette for etablering av kompetanseverksemder og stimulere utviklinga i eksisterande verksemder
Stimulere til vidareutvikling av næringsapparatet i regionen
Arbeide for å betre rammevilkåra for landbruket i Vest-Telemark

Mål 4 Sikre god infrastruktur i og gjennom Vest-Telemark
Tiltak:

Samarbeide med Haukelivegen AS, Arbeidsgruppa for E 134/Rv 36, Telemarksvegen Vest-Telemark Næringsforum og andre viktige grupperingar
Arbeide mot sentrale styresmakter, spesielt i høve til Nasjonal Transportplan og aktuelle utbyggingsprosjekt
Fremje tiltak for alternativ finansiering av sentrale investeringsprosjekt
Arbeide for auka midlar til investeringar og vedlikehald av øvrige riks- og fylkesvegar
Sikre full utbygging av siste generasjon breiband i regionen
Arbeide for full dekning innan mobilsamband og digitalt bakkenett
Arbeide for realisering av høgfartsbane over Haukelifjell

Frå arbeidet i Rådet.

Det er halde 11 møte i Rådet i 2010 og handsama 78 saker. Av viktige saker kan vi nemne:

Regional planstrategi.
Telemark fylkeskommune vedtok i desember 2009 dei politiske retningslinene for korleis en skal styrke nyskapinga og næringsutviklinga i Telemark.
Planstrategien er inndelt i fylgjande 4 tema: kompetanse, samferdsel, miljø/klima samt livskvalitet og attraksjonskraft. Medlemmene av Vest-Telemarkrådet har vore aktive medspelarar i prosessen og det ligg no føre fylgjande 2 planer:

- Regional plan for nyskaping og næringsutvikling
- Regional plan for reiseliv og opplevingar

I tillegg er det utarbeidd strategiplan for idrett og friluftsliv. Planane vil danne rettesnor både for fylkeskommunen og dei enkelte kommunane og har eit tidsperspektiv på 12 år.

Strategisk næringsplan.
Arbeidet med Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark starta i 2004 og i juni 2007 vedtok Vest-Telemarktinget Strategisk Næringsplan 2007 – 2010. I samband med at den fyrste planperioden gjekk mot slutten vart det sett ned ei arbeidsgruppe bestående av regionordførar, næringsansvarleg frå kvar ei dei 6 kommunane samt dagleg leiar i Vest-Telemark Næringsforum. Arbeidet med rullering av planen har vore forankra i kommunane og ein har freista å harmonisere denne med dei regionale planane.
I møte 20. november vart det endelege forslaget til Strategisk Næringsplan 2011- 2014 handsama i Rådet, og det vart vedteke å sende forslaget til høyring i kommunane.
Etter endt høyringsperiode vart Strategisk Næringsplan 2011 – 2014 formelt vedteke av Vest-Telemarktinget 29. mars 2011og Rådet har sett i gang arbeidet med å finansiere planen.

Tiltaksretta handlingplan for landbruket.
Med utgangspunkt i ein tidlegare utarbeidd landbruksrapport var det sett ned ei arbeidsgruppe med oppgåve å lage plan for vidare aktivitet og målretta handling innan landbruket i regionen.
I mars 2011 la gruppa fram forslag til tiltaksretta landbruksplan med fylgjande 3 strategiar:
Tilrettelegging for næringsutvikling, rekruttering og trivsel samt samarbeid i landbruksforvaltninga i regionen.
I ekstra møte i Tinget 29. mars 2011 vart planen formelt vedteke.

Framtidig organisering av politiet.
Ei nedsett arbeidsgruppe innan politiet la tidleg på året fram ei utgreiing som konkluderte med samanslåing av lensmannskontora i Kviteseid, Tokke og Vinje og foreslo at ei ny arbeidsgruppe skulle vurdere geografisk plassering av dette. I rådsmøte 16. mars 2010 orienterte politimeisteren nærare om saken og Ketil Kiland vart valt som observatør i den nye gruppa.
Til rådsmøtet 14. september låg det føre rapport med forslag om å dele Telemark inn i 2 geografiske driftseiningar der dei 6 Vest-Telemarkkommunane skulle høyre til eining ”Øvre/Nord” saman med Bø, Nome, Sauherad, Notodden, Hjartdal og Tinn. Geografisk plassering av 2 lensmannskontor var i rapporten foreslege lagt til Åmot og Seljord/Kviteseid.
Tidleg i 2011 har Vest-Telemarkrådet vedteke høyringsuttale som konkluderer med at ein ikkje kan slutte seg til forslaget om samlokalisering og omorganisering av lensmannskontora i regionen.

Samhandlingsreformen.
21. april 2009 ba Vest-Telemarkrådet Rådmannsutvalet å sette ned ei arbeidsgruppe for å fylgje med i reformprosessen, kartlegge fagkompetansen og sikre oppdatering i høve til politisk handsaming. Assisterande rådmann i Vinje, Sissel Bitustøyl vart i 2010 engasjert som prosjektleiar for vår region, medan rådmennene saman med direktøren i Sykehuset Telemark er nedsett som styringsgruppe.

Samordninga av attføringstilbodet i regionen.
Det vart i 2009 teke initiativ til eit utgreiingsarbeid for å avklare framtidig organisering av attføringsbedriftene i regionen. Ei arbeidsgruppe med representantar frå bedriftene fekk i oppdrag å legge fram aktuelle modellar for ny organisering. I rådsmøte 11. mai 2010 vart det lagt fram rapport der ein mellom anna tilrår felles fagadministrasjon for dei 5 selskapa.

Vegspørsmål.
I møte 16. februar vart Vest-Telemarkrådet nærare orientert om Statens vegvesen sitt handlingsprogram for perioden 2010 – 2013 (2019). Programmet inneheld mellom anna bygging av tunnelen Århus- Gvammen og gjev signal om mogleg prioritering av nye tunnelar på Haukelifjell/Røldal.
Også i møte 2. juni fekk Rådet informasjon om viktige vegsaker som bompengeprosjektet på E134/Rv36, utbetringsbehovet på Rv41 samt arbeidet med Jondalstunnelen.

Norsk Bane.
Høgfartsbane over Haukelifjell er eitt av tiltaka i regionen sitt arbeidsprogram. I ekstra rådsmøte 28. april vedtok Vest-Telemarkrådet å gje økonomisk støtte til det vidare arbeide.
I november vart det halde eit ope møte i Vinje med tanke på vidare mobilisering.

SIVA næringshage.
I møte 30. november 2010 hadde Vest-Telemarkrådet ei innleiande drøfting av moglegheitene for ein SIVA næringshage i regionen. I møte tidleg i 2011 kom Rådet attende til saken med nærare orienteringar frå representantar frå SIVA og Telemark fylkeskommune.
Vest-Telemarkrådet har etter dette vendt seg formelt til Telemark fylkeskommune med ynskje om å få etablert ein SIVA næringshage, og det er i samband med Strategisk Næringsplan 2011 – 2014 sett ned ei arbeidsgruppe som har til oppgåve å organisere det vidare arbeidet.

Vidare organisering av regionsamarbeidet.
Arbeidet med vidare organisering av regionsamarbeidet har av ulike grunnar gått føre seg over tid. I april 2009 fekk regionrådsleiar i oppdrag å gjera naudsynte tiltak i høve til å organisere Vest-Telemarkrådet etter kommunelovens §27.
I rådsmøte 16. mars 2010 fekk rådmannsutvalet i oppdrag å utarbeide 2 – 3 ulike alternativ til vidare bemanning og organisering av regionsamarbeidet. Til rådsmøtet 25. januar 2011 låg det føre notat frå utvalet med 2 ulike forslag til organisering. På bakgrunn av dette vedtok Rådet at det skulle utarbeidast ei konsekvensvurdering i høve til kva følgjer dei ulike alternativa ville få for det regionale samarbeidet. På bakgrunn av dette har Telemark Kommunerevisjon utarbeidd ein rapport som grunnlag for vidare handsaming av saken.
I 2011 har Vest-Telemarkrådet fått nærare orientering om fylgjande saker:

- Prostidiakonatet i Vest-Telemark 25 år. Orientering om det felleskyrkjelege samarbeidet v/ prostidiakon Eilev Erikstein og nestleiar i styret Solveig Abelone Midtgarden.
- Telemark Bilruter, ekspressrutene og dei vidare utfordringane v/Svein Olav Straand og Tellef Solås.
- Vest-Telemarktreff , erfaringar og vidare planer v/Elisabeth Lid og Olav A. Veum
- "Med argusøyne på WTO", orientering v/prosjektleiar Helge Christie.
- Norsk Kulturarv, synleggjering av kulturminneverdiar v/direktør Grete Horntvedt.
- Felles grafisk profil for Vest-Telemark, retningsliner og vidare bruk v/ Ole Dalen.
- Attføringssentert i Rauland – eit sjukehus innan spesialisthelsetenesta, orientering v/Svein Kostveit og Toril Dale.
- Telemarkskanalen som regionalpark, orientering v/Frida Sviland Telemark fylkeskommune.
- Beredskap i kommunane, nytt lovverk – klårare plikter for kommunane. Orientering v/fylkesberedskapssjef Elisabeth Danielsen og beredskapskoordinator Erling Tveiten.
- Noregs Mållag – målsak og identitet. Orientering v/ leiar Håvard B. Øvregård og lokallagsleiar Einar Leiv Søreide.
- Mogleg universitet i Telemark, orientering v/Dag Kjartan Bjerketvedt og Olav Risholt frå Høgskolen i Telemark.
- Bygdelivsprosjektet, avsluttande orientering v/Emilie Asplin og Elisabeth Lid.
- Organisasjonen LEVEL – samliv/heilskapleg tenking. Orientering v/Anders Mathias Larsen.
- Tannhelsetenesten – ny organisering. Orientering ved fylkestannlege Tor Hildre.
- Landstadsenteret i Seljord, orientering v/Karl Gran og Snorre Øvrebø.
- Politikar 2020, eit komande nasjonalt prosjekt. Orientering v/ Ole Dalen og Marte Midttun Lie.

Skjønnsmidlane.
Vest-Telemark fekk i 2010 kr. 1 710 000,- i skjønnsmidlar frå fylkesmannen.
Midlane vart fordelt på fylgjande prosjekt/tiltak:

- Pleie/omsorg. Gevinstrealiseringsprosjekt, erfaringsoverføring opplæring	350 000.-
- Brannvern. Utviding av samarbeidet, opplæring	700 000,-
- Forsystem for fakturering, integrasjon med kartsystem og økonomisystem	660 000,-
	1 710 000,-

Vest-Telemark
31. desember 2010/24. mai 2011

…….	……	……
Solveig S. Abrahamsen	Bjørn Nome	Olav Urbø
…….....		……
Arne Vinje		Torstein Tveito
……..		……..
Anne-Nora Oma Dahle		Kjell Gunnar Heggenes

VEST- TELEMARKRÅDET

ÅRSREKNESKAP 2010

RESULTATREKNESKAP	2010	2009
INNTEKTER		
Deltakaravgift landskonferansen	-	278 400
Periodisera inntekter	1 541	8 792
Tilskot	2 970 000	3 050 000
SUM DRIFTSINNTEKTER	**2 971 541**	**3 337 192**
DRIFTSKOSTNADER		
Lønn til tilsette	455 541	458 483
Berekna feriepengar	64 722	64 713
Godtgjersle til tillitsvalde	30 000	30 000
Arbeidsgjevaravgift	58 547	58 299
Arbeidsgjevaravgift av pål. Feriepengar	6 861	6 860
Pensjonskostnader	66 794	60 620
Annen personalkostnader	3 097	2 974
Leige lokaler	31 253	31 253
Renovasjon, vann o.l	4 800	5 366
Ljos og varme	11 490	9 409
Inventar	18 633	1 480
Rekvisita	-	6 639
Revisjonshonorar	24 062	17 062
Rekneskapshonorar	27 563	29 831
Refusjon tapt arb.fortjeneste styremedlem	-	2 200
Honorar	-	87 385
Sekretærteneste	-	73 331
Tilskot prosjekt	1 810 000	1 810 000
Konsulenthonorar	146 438	119 313
IT-tenester	9 246	11 628
Kontorrekvisita	1 461	7 547
Trykksaker	-	4 688
Aviser, tidsskrifter, bøker o.l	3 538	3 378
Møter, kurs o.l	142 865	293 055
Telefon	5 878	7 360
Bilgodtgjersle , andre reisekostnader	38 449	27 184
Reklame, annonsering	-	14 921
Bankgebyr	1 100	600
Annen kostnad	13 923	34 088
SUM DRIFTSKOSTNAD	**2 976 260**	**3 279 665**
DRIFTSRESULTAT	**(4 719)**	**57 527**
FINANSINNTEKTER/-KOSTNADER		
Renteinntekter	8 141	16 257
Rentekostnader	-	-
FINANSINNTEKTER	**8 141**	**16 257**
ÅRSRESULTAT	**3 422**	**73 784**

VEST- TELEMARKRÅDET

ÅRSREKNESKAP 2010

Balanse

			2010	2009
OMLØPSMIDLAR				
Kundefordringar			164 556	17 320
Bankinnskot kto. 2660.65.03724			2 567 614	3 289 595
Bankinnskot kto. 2801.18.36501			24 974	38 714
Bankinnskot kto. 2801.09.84450			36 039	37 580
Bankinnskot for skattetrekk			47 023	32 323
SUM OMLØPSMIDLAR			**2 840 207**	**3 415 532**
EIGENKAPITAL OG GJELD				
Annan eigenkapital 01.01.10		699 110		
Årets overskot		3 422,93		
Eigenkapital	31.12.10	702 532,93	702 533	699 110
EIGENKAPITAL			**702 533**	**699 110**
GJELD				
Levrandørgjeld			225 990	143 009
Forskotstrekk			44 415	29 715
Arbeidsgjevaravgift			19 109	16 394
Påløpt arbeidsgjevaravgift av styrehonorar			3 180	
Påløpt arbeidsgjevaravgift av feriepengar			6 861	10 040
Forskot frå kundar			1 710 000	2 420 000
Skuldig lønn			32 387	-
Skuldig feriepengar			64 722	64 714
Påløpt ikkje utbetalt styrehonorar			30 000	30 000
Forskotsbetala inntekter E134/R36			1 009	2 550
SUM GJELD			**2 137 674**	**2 716 422**
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD			**2 840 207**	**3 415 532**

Kviteseid 31.12.10/ 24.05.2011

VEST - TELEMARKRÅDET

ÅRSREKNESKAP 2010

AVD.1 KONTORDRIFT

RESULTATREKNESKAP	2 010	2 009
INNTEKTER		
Deltakaravgift Landskonferansen	-	278 400
Driftstilskot frå Fellesfondet	1 160 000	1 160 000
Tilskot Fellesfondet sekretærarbeid	-	80 000
SUM DRIFTSINNTEKTER	**1 160 000**	**1 518 400**
DRIFTSKOSTNADER		
Lønn til tilsette	455 541	458 483
Berekna feriepengar	64 722	64 713
Godtgjersle til tillitsvalde	30 000	30 000
Arbeidsgjevaravgift	58 547	58 299
Arbeidsgjevaravgift av pål. Feriepengar	6 861	6 860
Pensjonskostnader	66 794	60 620
Annen personalkostnader	3 097	2 974
Leige lokaler	31 253	31 253
Renovasjon, vann o.l	4 800	5 366
Ljos og varme	11 490	9 409
Inventar	18 633	1 480
Rekvisita	-	6 639
Revisjonshonorar	24 062	17 062
Rekneskapshonorar	25 875	27 681
Refusjon tapt arb.fortjeneste styremedlem	-	2 200
Honorar	-	87 385
Sekretærtjenester	-	73 331
Konsulenthonorar	146 438	119 313
IT-tjenester	9 246	11 628
Kontorrekvisita	1 461	7 547
Trykksaker	-	4 688
Aviser, tidsskrifter, bøker o.l	3 538	3 378
Møter, kurs o.l	142 865	286 223
Telefon	5 878	7 360
Bilgodtgjersle , andre reisekostnader	38 449	27 184
Reklame, annonsering		14 921
Bankgebyr	1 065	526
Annen kostnad	13 923	34 088
SUM DRIFTSKOSTNAD	**1 164 537**	**1 460 609**
DRIFTSRESULTAT	**(4 537)**	**57 791**
FINANSINNTEKTER/-KOSTNADER		
Renteinntekter	7 959	15 993
Rentekostnader	-	-
FINANSINNTEKTER	**7 959**	**15 993**
ÅRSRESULTAT	**3 422**	**73 784**

VEST - TELEMARKRÅDET

ÅRSREKNESKAP 2010

AVD 2. E 134/R36

RESULTATREKNESKAP	2 010	2 009
INNTEKTER		
Periodisera inntekter	1 541	8 792
Andre salsinntekter	-	-
	-	-
SUM DRIFTSINNTEKTER	**1 541**	**8 792**
DRIFTSKOSTNADER		
Rekneskapshonorar	1 688	2 150
Møter, kurs o.l	-	6 832
Telefon	-	-
Porto		
Bilgodtgjersle , andre reisekostnader		
Reklame, annonsering		
Bankgebyr	35	74
Annen kostnad	-	-
SUM DRIFTSKOSTNAD	**1 723**	**9 056**
DRIFTSRESULTAT	**(182)**	**(264)**
FINANSINNTEKTER/-KOSTNADER		
Renteinntekter	182	264
Rentekostnader	-	-
FINANSINNTEKTER	**182**	**264**
ÅRSRESULTAT	**(0)**	**0**

FORSLAG TIL BUDSJETT FOR VEST - TELEMARKRÅDET

	Budsjett 2010	Budsjett 2009	Rekneskap pr. 30.09.09
INNTEKTER			
Tilskot frå Fellesfondet	1 160 000	1 160 000	1 160 000
Renter	16 000	60 000	14 000
SUM INNTEKTER	1 176 000	1 220 000	1 174 000
KOSTNADER			
Lønn og sosiale kostnader	650 000	650 000	449 219
Godtgjering/refusjon av kostnader tillitsvalde	30 000	30 000	10 267
Kontorleige, straum telefon og IT	100 000	102 000	35 773
Møtekostnader, samlingar og kurs	130 000	150 000	78 611
Arbeidskapital	266 000	288 000	94 790
Sum kostnader	1 176 000	1 220 000	668 660
Driftsresultat	-	-	505 340

Kviteseid 19. Oktober 2009

Vest Telemark Økonomi og Rekneskap AS

Jørgen Moen

Vest-Telemarkrådet *Møte 24. mai 2011*

Sak 36/2011 Vidare organisering av regionsamarbeidet i Vest-Telemark.

Bakgrunn.
Vest-Telemarkrådet har sidan 1996 vore registrert i Brønnøysundregistret under namnet "*Vest-Telemarkrådet v/VT Næringsbygg".* Rådet har eget organisasjonsnummer og er registrert under organisasjonsforma "annan juridisk person". Etter merknad frå revisor om behov for ei klårare organisasjonsform, vart saken drøfta i rådsmøte 21. april 2009 og regionrådsleiar fekk i oppdrag å gjera naudsynte tiltak i høve til å organisere Vest-Telemarkrådet etter kommunelovens § 27.
I påvente av fullføring av tingingane mellom Telemark fylkeskommune og dei 8 konsesjonskraftkommunane vart denne organiseringa sett ut i tid.
I møte 16. mars 2010 drøfta Vest-Telemarkrådet den nye situasjonen i samband med bortfall av Fellesfondet og finansiering av det vidare regionsamarbeidet. Rådmannsutvalet fekk i oppdrag å utarbeide 2 – 3 ulike alternativ til bemanning og organisering av dette.

Til rådsmøtet 14. september 2010 låg det føre forslag til vidare organisering av regionsamarbeidet samt forslag til vedtekter etter kommunelovens § 27. Sidan tingingane mellom fylkeskommunen og kommunane fortsatt ikkje var avslutta, vart saken utsett.

I rådsmøte 25. januar 2011 vedtok rådet å tilrå formalisering av Vest-Telemarkrådet som § 27-selskap og legge saken fram for handsaming i kvar enkelt kommune og endeleg godkjenning i Vest-Telemarktinget.

I same møte handsama også Rådet eit notat frå rådmannsutvalet med 2 ulike forslag til vidare organisering av regionsamarbeidet.
Modell 1: VTR som § 27 selskap med 3 årsverk og VTNU eigd av "ikkje kommunale" aktørar.
Modell 2: VTR som § 27 selskap med 2 årsverk og VTNU eigd 100 % av kommunane

Av notatet går det fram at fleirtalet i Rådmannsutvalet tilrår modell 1, medan mindretalet tilrår modell 2. Rådsmøtet gjorde fylgjande vedtak:

1. *Som grunnlag for eit vedtak om framtidig organisering av VTNU, ønskjer Vest-Telemarkrådet ei utgreiing av kva følgjer ulike modellar må reknast å få, særleg når det gjeld:*
   - *eksisterande organisasjon og kompetansemiljø*
   - *samordninga mellom regionalt og kommunalt næringsarbeid*
   - *finansiering og økonomi*
2. *Arbeidsutvalet har ansvaret for å få utført konsekvensutgreiinga.*
   Ein kan nytte ekstern hjelp. Utgreiinga skal leggjast fram for Rådet våren 2011.

Arbeidsutvalet engasjerte Telemark Kommunerevisjon til å gjennomføre oppdraget med å greie ut konsekvensane av dei 2 modellane. Det ligg no føre ei konsekvensutgreiing dagsett 18. mai 2011:

Vest-Telemarkregionen som eit § 27 samarbeid:
Konsekvensutgreiinga fastslår at ein i samband med organisering av Vest-Telemarkrådet som § 27 selskap, må avgjere om ein skal nytte kontorkommunemodellen eller § 27 selskapet som sjølvstendig rettssubjekt. Dette er utgreidd i pkt. 3.2 i rapporten. Det må understrekas at val av løysing for §27 samarbeidet har verknad for høvet til å nytte eigenregi i høve til kven som eig aksjane i VTNU.

Organisering av Vest-Telemarkregionen med VTNU:
Telemark kommunerevisjon har konsekvensutgreidd dei to modellane for framtidig organisering som rådmannsutvalet la fram for rådet i sak 05/2010 i møte 25. januar 2011.

Dei legg i modell 1 til grunn at VTNU skal vera eit privat kommersielt selskap, utan noko særskilt samfunnsoppdrag.

I modell 2 er VTNU eit direkte eigd kommunalt selskap med definert posisjon som næringsselskap og oppgåver slik som i dag.

Modell 1 – VTNU eigd av ikkje-kommunale aktørar:

Kommunane har ikkje ansvar for drift av VTNU og selskapet sitt noverande samfunnsansvar vert overført VTR.
VTR/kommunane kjøper tenester av VTNU etter konkurranse og i samsvar med reglane om offentlege innkjøp.
VTR/kommunane har ingen styring med kva slag organisering og kompetansemiljø ein finn i VTNU.
Modellen gjev sterkare politisk styring av næringsutviklinga, dersom VTR lukkast med den aktiviteten som hittil i stor grad har skjedd i VTNU.
VTR/kommunane vil vera oppdragsgjevar for VTNU og ha den styringa som kontraktane gjev.
Regionsamarbeidet/kommunane vil ha arbeidsgjevaransvar for fleire tilsette. Samstundes vil regionsamarbeidet ha ein meir robust organisasjon, som kan inneha og opparbeide kompetanse på regionsutvikling.
Modell 1 kan innebere sal av aksjar eller oppløysing av VTNU.

Modell 2 – VTNU eigd av Vest-Telemark kommunane

Eit kommunalt eigd VTNU vil som oppdragsgjevar vere bunden av reglane om offentlege innkjøp.
Viktig med tydeleg rolle- og oppgåveavklaring ved samlokalisering av VTR og VTNU.
Legg i større grad til rette for politikarbestemt plassering av utføraransvaret. Dette avdi ein vil kunne nytte eigenregi i tildeling av oppdrag til VTNU. Både VTR og VTNU vil kunne ta prosjektinitiativ, koordineringsrolle og prosjekteigarskap.

VTR/kommunane vil ha avgjerdsmynde gjennom eigarstyring og val av styremedlemer i VTNU. Eigarane vil gjennom driftstilskot og betaling for oppdrag kunne ha styring med verksemda, som i hovudsak skal vera retta mot tenester til VTR/kommunane.
I modell 2 er ein mindre del av budsjettet bunde opp i faste kostnader i VTR, og samarbeidet vil ha større midlar å kjøpe tenester for.
Modell 2 vil oppfylle vilkåra for eigenregi for eigar av selskapet

Vurdering:

På bakgrunn av konsekvensutgreiinga frå kommunerevisjonen kan ein slå fast at begge modellane tilfredsstiller krava til Lov om offentleg innkjøp.
Det er såleis andre element som bør vektleggast når ein skal velje modell.

Modell 1 krev ei oppbygging av regionrådssekretariatet med fleire faste medarbeidarar og eit klart skilje til VTNU. Ein må avslutte ordninga med kontorfellesskap som ein har i dag. Utover bruk av eigne tilsette må VTR/kommunane nytte reglane for offentlege innkjøp når ein skal initiere, etablere og gjennomføre utviklingsprosjekt i Vest-Telemark.

Modell 2 vidarefører i stor grad noverande organisasjonsmodell, som er bygd opp gjennom fleire år. Rådet/kommunane eig VTNU og kan såleis nytte selskapet i eigenregi. Dette er i samsvar med reglane for offentleg innkjøp.
Modell 2 gjev høve til å halde fram og utvikle ordninga med eit regionalt utviklingsselskap i tett samarbeid med VTR. Det gjev regionen ein fleksibel og kostnadseffektiv organisasjon som har fullt fokus på utvikling av Vest-Telemarkregionen.
Eit kompetansemiljø som VTNU er krevjande å etablere og utvikle. Modell 2 gjev høve til å vidareføre dette miljøet ein over tid har bygd opp.

Forslag til vedtak:
"Vest-Telemarkrådet vedtek å organisere Vest-Telemarkregionen etter modell 2 i rådmannsutvalet sitt framlegg."

Som vedlegg til saka fylgjer:

1. Sak 05/2011 Vidare organisering av regionsamarbeidet i Vest-Telemark.
2. Konsekvensutgreiing frå Telemark Kommunerevisjon 2011 – To modellar for organisering av oppgåver i VTR og VTNU AS

Vest-Telemarkrådet *Møte 25. januar 2011*

Sak 05/2011 Vidare organisering av regionsamarbeidet i Vest-Telemark

I møte 16. mars 2010 gav Vest-Telemarkrådet rådmannsutvalet i oppdrag å utarbeide 2-3 ulike alternativ til bemanning av det vidare regionsamarbeidet samt organisering av dette. Det vart gjort fylgjande vedtak:
"Vest-Telemarkrådet viser til den nye situasjonen som oppstår i 2011 då Fellesfondet er borte og finansiering av regionsamarbeidet vil måtte kome frå andre kjelder.
I tråd med tidlegare gjevne signal får rådmannsutvalet i oppdrag å utarbeide 2 – 3 ulike alternativ til bemanning av det framtidige regionsamarbeidet og forslag til organisering av dette."

I møte 20. oktober 2010 godkjende Telemark Fylkesting formelt vedtektene for Telemark Utviklingsfond. Vedtektene inneheld mellom anna eit punkt om å medverke til finansiering av det regionale samarbeidet i dei 8 konsesjonskraftkommunane, og er etter vedtaket formulert slik:
"Fondet dekker en del av avtalekommunanes årlige utgifter til regionalt samarbeid, totalt 2,67 mill. kr, fordelt på Vest-Telemark kommunane og Tinn/Hjartdal. Beløpet vert indeksregulert med konsumprisindeksen hvert år".
For Vest-Telemarkrådet inneber dette eit beløp på kr. 2 010 000,- for 2011.

I møte 30. november 2010 løyvde Fellesfondet eit tilsvarande beløp som kommunanes andel av utgiftene til det regionale samarbeidet, slik at Vest-Telemarkrådet har kr. 4 020 00,- til disposisjon i 2011.

På bakgrunn av desse vedtaka legg no rådmannsutvalet fram notat med 2 ulike forslag til organisering. I oppsummeringa tilrår fleirtalet i rådmannsutvalet modell 1 medan mindretalet i rådmannsutvalet tilrår modell nr. 2.
Utvalet har i tillegg kome med framlegg til endra vedtekter for Vest-Telemarkrådet. Desse er lagt til grunn i *sak 04/2011 Formalisering av Vest-Telemarkrådet som § 27 selskap, forslag til vedtektsendringar*.

NOTAT

FRAMTIDIG ORGANISERING AV DET REGIONALE SAMARBEIDET I VEST-TELEMARK

Vest-Telemarkrådet har bede rådmannsutvalet om å koma med framlegg til ei framtidig organisering av det regionale samarbeidet i Vest-Telemark.

Utgangspunkt

Frå 01.01.2011 trådde avtala om disponering av konsesjonskraft mellom Telemark fylkeskommune og 8 kommunar i Øvre Telemark i kraft. Avtala førar til at Fellesfondet blir borte og blir erstatta av Telemark Utviklingsfond (TUF). Ordførarane i dei 8 kommunane sit i dag i styret i Fellesfondet. Det nye fondet vil ha eit styre på 5 medlemar; 4 oppnemnd av Fylkestinget og 1 oppnemnd av dei 8 kommunane. Fylkestinget har vald fylkesordførar, fylkesvaraordførar, leiar av hovudutval for næring/den gode bustad og opposisjonsleiar som medlemar av fondsstyret. Styret i Fellesfondet har vald ordførar i Tokke, Olav Urbø.

I avtalas punkt 4.2.6 heiter det: "Fondet skal medverke til ei påreknelig finansiering av administrasjonskostnadene for det regionale samarbeidet i dei 8 konsesjonskraftkommunane."

I vedtektene for Telemark utviklingsfond heiter det i § 2 siste avsnitt: Fondet dekker en del av avtalekommunanes årlige utgifter til regionalt samarbeid, totalt 2,67 mill. kr. av utgiftene for 2011, fordelt på Vest-Telemark kommunane og Tinn/Hjartdal. Beløpet vert indeksregulert med konsumprisindeksen kvart år."

Drifta av Vest-Telemarkrådet har til nå i det alt vesentlege vore dekka av Fellesfondet. For 2010 løyvde Fellesfondet om 1,160 mill. kr til drift av Vest-Telemarkrådet og 1,120 mill. kr til drift av VTNU. I tillegg er det løyvd om 3,980 mill. kr til diverse prosjekt i regi av VTNU. Arbeidet med bedriftsrådgjeving får økonomisk støtte frå Innovasjon Norge.

To modellar for organisering av regionssamarbeid

Rådmannsgruppa i VTR har utarbeid 2 modellar for organisering av regionsrådsamarbeidet. I modell 1 organiserast det eit sekretariat til støtte for rådet med 3 årsverk som vist i figurane, mens det i modell 2 organiserast eit sekretariat med 2 tilsette. Sekretariatet organiserast som eit §27 selskap j.f. kommunelova. I begge modellane gjennomførast anskaffingar av materiell frå marknaden i samsvar med lova om offentlege anskaffingar (LOA). Skilnaden på dei to modellane er eigarforholda til VTNU A/S og korleis rådgivingstenestar anskaffast.

Modell 1 – VTNU A/S eigd av ikkje kommunale aktørar (som i dag)



I denne modellen er VTNU A/S ikkje eigd av kommunane og rådgivingstenester til rådet anskaffast i ein marknad der VTNU A/S sidestillast med andre selskap.

Fordeler	Ulemper
Kommunane har ikkje eigarskap til ein leverandør.	Meir komplisera metode for anskaffing av rådgivingstenestar frå VTNU A/S
Klårar skilnad mellom offentleg og privat verksemd.	
Høgre grad av legitimitet	
Større handlingsfridom til å kontrahere rett kompetanse	
Oppfyller intensjonane i LOA/FOA på ein god måte	
VTNU må tilpasse seg tilhøva i ein marknad	

Modell 2 – VTNU A/S eigd av dei kommunane som samarbeidar i VTR



I denne modellen er VTNU A/S eigd av kommunane og rådgivingstenester frå dette selskapet avskaffast direkte utan konkurranse. Rådgjevingstenester frå andre selskap gjerast i samsvar med LOA.

Fordeler	Ulemper
Enklare å anskaffe rådgivingstenester frå VTNU A/S.	VTNU A/S får avgrensa tilgang til marknad utanfor VTR (minst 80% av aktiviteten må rettast mot VTR)
Sikrar eit kompetansemiljø retta mot VTR sitt arbeid	Kommunane har eigarskap til ein leverandør med fare for forfordeling av oppdrag.
	Etablering av ein monopolist med fare for kritikk frå andre selskap og ikkje optimale anskaffingar
	Forpliktar ein oppdragsportefølje
	Mindre handlingsfridom til å kontrahere rett kompetanse

Noter:

§ 27 – Selskap etter kommunelova
To eller flere kommuner, to eller flere fylkeskommuner, eller en eller flere kommuner og en eller flere fylkeskommuner, kan opprette et eget styre til løsning av felles oppgaver. Kommunestyret og fylkestinget gjør selv vedtak om opprettelse av slikt styre. Til slikt styre kan kommunestyret eller fylkestinget selv gi myndighet til å treffe avgjørelser som angår virksomhetens drift og organisering.

Direktekjøp utan konkurranse

Når det gjeld høvet til å nytte direktekjøp utan konkurranse ovanfor VTNU A/S i modell 2, så støtter rådmannsgruppa seg på Telemark kommunerevisjons tolking av LOA med tilhøyrande forskrift (FOA). I FOA §3 finnast fylgjande formulering:

Forskrifta får ikkje anvending på:

……..

h. kontrakter om offentlige tjenestekjøp som tildeles et organ eller en sammenslutning av organer som selv er en offentlig oppdragsgiver som definert i § 1-2 (hvem som er omfattet av forskriften) med hjemmel i en enerett organet har i henhold til en kunngjort lov, forskrift eller administrativt vedtak, forutsatt at bestemmelsene er forenlige med EØS-avtalen,

Val av modell

Når det gjeld val av modell har rådmannsutvalet delt seg i to.

Rådmennene i Fyresdal, Nissedal, Tokke, Seljord og Vinje går inn for alternativ 1 og meiner denne gir den mest ryddige ordninga. VTNU har gjort ein god jobb for det regionale samarbeidet i Vest-Telemark, men slit nok litt med legitimiteten internt i kommunane. Eit klårare skilje mellom VTR og VTNU vil kunne rette på dette. Det er ynskjeleg å vitalisere VTNB og eit ledd i dette arbeidet kan vera å rigge eit "nytt" VTNU som ein sterk regional aktør som og kan selje tenester til andre.

Ein viser og til dei fordelane som ligg i alternativ 1 og dei ulempene som ligg i alternativ 2.

Det er fleire forhold som talar for at VTNU er eit aksjeselskap utan kommunalt eigarskap.

Med eit VTNU under kommunalt eigarskap kan det lett bli slik at VTR får eit fokus mot dei oppgåvene VTNU har kompetanse og interesse av å gjennomføre. VTR bør fritt kunne velje innsatsområde og få støtte til gjennomføring av desse der det finnast relevant kompetanse.

Ein annan viktig faktor er økonomi. Bortfall av fellesfondet tek også ein god del økonomisk kraft vekk frå samarbeidskommunane. Prosjekt og innsats i regi av rådet vil i stor grad vera prisgitt kommunanes økonomi og høve til å skaffe anna finansiering frå blant anna TUF. Det er difor usikkert om det er mogleg og ikkje minst rett å finansiere eit kommunalt eigd VTNU. Eit uheldig utviklingstrekk er at kommunane må sette i verk prosjekt som elles ikkje hadde blitt prioritera, for å bidra med oppdrag til VTNU.

Det er ført argument for at eit kommunalt eigd VTNU gjer det enkelt å leige inn rådgjevingstenestar til VTR, noko som indikerar at det er vanskeleg dersom LOA/FOA skal leggast til grunn. For det fyrste så er LOA/FOA etablert og bør fylgjast. Dette vil skape ein større grad av legitimitet for dei oppdraga VTR vil løyse. Det er ikkje spesielt komplisert å fylgje dette lovverket samtidig som det er til for å skaffe rett kompetanse til rett pris. Ein person i VTR som har rett kompetanse vil kunne kontrahere rådgjevingstenester på ein effektiv måte. Her kan rammeavtaler vera eit godt eigna reiskap.

Som eit kommunalt eigd selskap vil VTNU måtte rette minst 80% av sin verksemd mot VTR eller kommunane dersom oppdrag ikkje skal ut i marknaden, dette kan lett føre til at VTNU blir prisgitt den oppdragsporteføljen rådet og kommunane har økonomisk evne til å sette i

verk. Som eit fritt selskap kan VTNU utvikle seg utan nokre bindingar og tilby sine tenester til andre aktørar. Dette gir VTNU større moglegheiter på lang sikt.

VTR er styrt politisk med eit sekretariat som er i offentleg regi (§27 selskap). Det vil ikkje styrke rådet sin legitimitet at ein mogleg leverandør av rådgjevartenester, VTNU, er eigd av samarbeidskommunane har ein eksklusiv rett til å uttale seg og moglegheit til å innverke på rådets vedtak.

Det kan virke som denne argumentasjonen vil svekke VTNU. Den rolla VTNU har i dag må tilpassast den økonomiske realiteten som er et faktum etter bortfall av fellesfondet. Eit ikkje kommunalt eigd VTNU vil kunne ta fleire oppdrag i marknaden. Det er også viktig å legge til rette for gode og legitime prosesser som gir rådet ein tydeleg styringsrolle.

Rådmannen i Kviteseid har som utgangspunkt at regionen treng eit sterkt regionalt utviklingsapparat som kan bidra til å løyse felles utfordringar for regionen. Ein viktig føresetnad for å greie dette er at ein har eit kompetansemiljø av eit visst omfang som har ein kreativ utviklingskompetanse og som primært tenker region før primærkommune.

Vårt felles utgangspunkt er eit ynskje om ein sekretærfunksjon for Vest-Telemarkrådet samt eit utviklingsapparat knytt til denne funksjonen. Dei to ulike modellane som blir lagt fram viser ulik tilknyting og dimensjon på desse funksjonane. Utgangspunktet for å velje eit fulleigd aksjeselskap er eit ynskje om ikkje å bruke for mykje ressursar til prosjektutvikling og innkjøp i rådsfunksjonen.

Ved eit heileigd kommunalt selskap vil rådet kunne spele på ressursar som ligg i utviklingsselskapet – dvs at ein ikkje treng gjennomføre prosessar etter Lov om offentlege anskaffingar (LO) for å utvikle prosjekt som VTR bestiller. Ein annan modell vil i større grad reindyrke bestiller/utførarrolla, men på ei anna side vil det truleg krevje at det må brukast ein god del ressursar til organisering av innkjøp etter LOA. Ein bør etablere ein organisasjonsmodell som i størst mogleg grad brukar sine ressursar til utvikling og gjennomføring av fellestiltak for regionen og det er usikkert om vi greier å etablere eit kraftig nok fagmiljø innafor dei prioriterte områda dersom ein vel ein annan modell.

Eit heileigd selskap vil sjølvsagt få ei tett rolle i høve til rådet, men på ei anna side vil dei prosjekta og aktivitetane som rådet set i gang, ha så stor nytteverdi for kommunane at ein kan forsvare eit offentleg eigarskap. Skulle selskapet mangle rett kompetanse er det framleis mogleg å kjøpe inn denne kompetansen eksternt.

Eit slikt selskap kan og lettare nytte den lokale kompetansen i kommunane ved at ein periodevis kan kjøpe fri lokale ressurspersonar til gjennomføring av einskilde prosjekt. Det vil bidra til forankring i kommunane samstundes som det bør kunne vera eit spennande tilbod til tilsette i kommunane.

Eit heileigd kommunalt selskap vil framleis ha sin eigen økonomi og drive si verksemd innafor rammene av aksjelova. Det bør derfor vera grunnlag for ein visse eiga inntening som kan bidra til høgare aktivitet, alternativt reduserte kontantbidrag, frå kommunane.

Ein føresetnad for ein slik organisasjonsmodell er at ein riggar prosessar og styringsdialogar som sikrar god forankring i primærkommunane. Det krev eit aktivt styre som har tett dialog med sine eigarar og som stiller tydelege krav til dei resultat selskapet skal oppnå.

Vest-Telemarkrådet

Rådmannsutvalet har vurdera kor mange tilsette som bør vera knytt til VTR for å få ei god vidareføring av arbeidet i rådet. Fleirtalet har kome til at det bør vera 3 stillingar fordele slik:

Dagleg leiar / Regionsrådssekretær	1/1 stilling
Oppfylging av arbeid i rådet/prosjektrigging	1/1 stilling
IKT	½ stilling
Sekretær	½ stilling

Mindretalet meiner det bør vera 2 stillingar:

Dagleg leiar / Regionsrådssekretær	1/1 stilling
Rådgjevar	1/1 stilling

I båe alternativa skal desse vera tilsett i Vest-Telemarkrådet.

Framtidig eigarskap

VTNU er i dag eigd av Vest-Telemark Næringsbygg (80%) og bankar i regionen (20%). Styret har vedteke å innløyse aksjane frå bankane og har ynskt å tilby desse til kommunane. Svaret på det vil avhenge av kva for løysing ein vel når det gjeld eigarskap.

Etter modell 1 vil det ikkje vera naturleg at kommunane eig VTNU direkte. Styret må taka stilling til framtidig eigarstruktur. Ei fristilling av VTNU AS vil kunne gje større utviklingspotensiale og handlekraft. Etter alternativ 2 er det naturleg at det er kommunane som eig aksjane.

Økonomi

Rådmannsutvalet gjer framlegg om at Vest-Telemarkrådet har eit årleg budsjett på 4 millionar kroner. Dette vil dekke løn til tilsette, driftsutgifter til rådet og midlar til medfinansiering av prosjekt.

Etter vedtektene for det nye Telemark Utviklingsfond vil fondet bidra med 2 millionar kroner til regionsamarbeidet, mens 2 millionar må koma frå kommunane. Rådmannsutvalet gjer framlegg om at 50% av dette delast likt og 50% etter folketalet.

Tilskottet frå kommunane vil gjelde frå 2012. For 2011 er det avsett midlar frå Fellesfondet til å dekke desse utgiftene.

Oppsummering

Fleirtalet i Rådmannsutvalet vil tilrå at Vest-Telemarkrådet vel modell 1 som er skissera i dette notatet. Mindretalet i Rådmannsutvalet vil tilrå at ein vel modell 2. Utvalet kjem og med framlegg til nye vedtekter for Vest-Telemarkrådet. Desse må vedtakast av Vest-Telemarktinget og deretter i kvar einskild kommune.

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

To modellar for organisering av oppgåver i VTR og VTNU AS

- konsekvensutgreiing -

2011

Innhald

1 Innleiing 3

1.1 Bestilling og ramme 3
1.2 Avgrensing 3
1.3 Metode 4

2 Dagens organisering av regionssamarbeidet 5

2.1 Vest-Telemark rådet 5
2.1.1 Føremål 5
2.1.2 Avgjerdsmynde og oppgåver 5
2.1.3 Personell og kompetansetilgang 7
2.1.4 Finansiering 8
2.1.5 Rapportering 8
2.2 Vest-Telemark Næringsutvikling AS 9
2.2.1 Føremål 9
2.2.2 Avgjerdsmynde og oppgåver 9
2.2.3 Personell og kompetansetilgang 10
2.2.4 Finansiering 11
2.2.5 Rapportering 12

3 Ny organisering – to modellar 13

3.1 Dei to modellane 13
3.1.1 Modell 1 – VTNU A/S eigd av ikkje kommunale aktørar: 13
3.1.2 Modell 2 – VTNU A/S eigd av dei kommunane som samarbeider i VTR 13
3.1.3 Føresetnader for vår vurdering av modellane 13
3.2 Rådets (sekretariatets) rolle i det nye organisasjonsbiletet - formalisering 14
3.2.1 Sekretariatet som § 27-samarbeid – del av kommunen 15
3.2.2 Sekretariatet som sjølvstendig rettssubjekt etter koml § 27 16
3.3 Eksisterande organisasjon og kompetansemiljø hjå VTNU AS – kjøp av tenester og kompetanse 17
3.3.1 Modell 1 – VTNU AS eigd av ikkje-kommunale aktørar 17
3.3.2 Modell 2 – VTNU AS eigd av dei kommunane som samarbeider i VTR 18
3.4 Samordning mellom kommunalt og regionalt næringsarbeid 19
3.4.1 Oppgåvefordeling og avgjerdsmynde 19
3.4.2 Rapportering 21
3.5 Finansiering og økonomi 21
3.5.1 Generelt 21
3.5.2 Modell 1 22
3.5.3 Modell 2 23

4 Oppsummering 24

VEDLEGG I - innhenta tenester til Vest-Telemarkrådets sekretariat 2008-2010 28

1 Innleiing

1.1 Bestilling og ramme

Den 3. mars 2011 vart Telemark kommunerevisjonen IKS bestilt av Vest-Telemarkrådets arbeidsutval til å gjennomføre ei utgreiing av konsekvensar av to ulike modellar for organisering av oppgåvene som i dag ligg til VTNU AS.

Utgreiinga skal vise konsekvensar av modellane for:

- *Eksisterande organisasjon og kompetansemiljø hjå VTNU*
- *Samordninga mellom regionalt og kommunalt næringsarbeid*
- *Finansiering og økonomi*

Det vart understreka at det også var viktig å sette fokus på Rådets rolle i det nye organisasjonsbiletet.

Det er rådmannsutvalet i Vest-Telemark som har skissera dei to alternative modellane som ein ynskte ei vidare utgreiing av. Desse modellane greiast nærare ut i rapportens del 3.

1.2 Avgrensing

Kommunane i Vest – Telemark har interkommunalt samarbeid på fleire område. Oppdraget er avgrensa til å sjå på konsekvensar av to konkrete modellar for organisering av regionsarbeidet. Det er det regionale næringsutviklingsarbeidet som vil stå i fokus, og vi har i liten grad vurdert andre deler av regionssamarbeidet og andre av VTNU sine oppgåver. Vi har ikkje vurdert andre modellar.

Vi er bedne om å sette fokus på Rådet si rolle i det nye organisasjonsbiletet. Dette forstår vi som sekretariatsfunksjonen i Vest-Telemark rådet. Vi har difor gjort ei vurdering av forslaget til formalisering av VTR – utkastet til vedtekter som er til handsaming i kommunane i desse dagar. Dette er omtala i pkt. 2.1. og 3.2. Vi gjer greie for dei juridiske verknadane av dei to formene for § 27-samarbeid, men vi veg ikkje fordelar og ulemper mot kvarandre.

Vi legg elles Strategisk næringsplan og gjeldande vedtekter for regionssamarbeidet til grunn som rammevilkår for våre vurderingar.

Utgreiinga omhandlar ikkje lokalisering og institusjonelle faktorar.

Telemark utviklingsfond (TUF) avløyser Fellesfondet sin aktivitet. Det går fram av vedtektene for TUF at TUF skal medverke til finansiering av administrasjons-kostnadene for det regionale samarbeidet i dei åtte konsesjonskraftkommunane.

Frå 2007 – 2009 hadde Fellesfondet ei driftsinntekt på om lag 40 millionar kr. Midlane vart hovudsakleg nytta til å finansiere kultur- og næringsutviklingsprosjekt i regionen. Omlegginga frå Fellesfondet til TUF vil truleg gje verknader for finansieringa av regionale utviklingsprosjekt. Vi legg dei framtidige økonomiske rammebetingelsane frå TUF til grunn, og har ikkje gjort vurderingar av kva verknader denne endringa vil gje.

VTNU har faste oppgåver innan bedriftsrådgjeving og etablerarkontor, og dei gir tilbod om gratis kontorfellesskap. Vi har ikkje undersøkt det rettslege grunnlaget for Etablerertenesta; kven avgjer om den skal ligge til VTNU, har eigarforholda betydning, er ordninga kontraktsbunden med oppseiingstid osv.

Vi har ikkje vurdert dei to modellane i forhold til oppgåver knytt til 8-kommunarsavtala, t.d. innkjøpssamarbeidet.

1.3 Metode

Vi har funne fylgjande framgangsmåte relevant for å samle inn informasjon:

- Innsamling av relevante dokument og informasjon på nett

- Intervju
  Vi har gjennomført intervju med dagleg leiar i VTNU, regionrådsleiar for Vest – Telemarkrådet.

- Epost og telefonintervju
  Vi har og innhenta informasjon frå Innovasjon Noreg og leiar for utvikling i Telemark fylkeskommune.

- Spørjeundersøking
  Vi gjennomførte ei spørjeundersøking der ein spurte representantar i Vest-Telemarktinget pluss næringsansvarlege i kommunane om mål og fordeling av oppgåver mellom kommunalt og interkommunalt nivå. Deltakinga i undersøkinga var på 36 %. Talet på respondentar (30 stk) saman med låg svarprosent gjer at det vart lite generelle meiningar vi kunne leie ut frå undersøkinga.

2 Dagens organisering av regionssamarbeidet

2.1 Vest-Telemark rådet

Det er seks kommunar som samarbeider regionalt i Vest-Telemark. Dette samarbeidet er organisera i Vest-Telemarkrådet. I følgje dei gjeldande vedtektene for Vest-Telemarkrådet har ein eit Ting og eit Råd, som er politiske samarbeidsorgan. I tillegg har ein eit sekretariat for samarbeidet. Styringsorgan for sekretariatet er Rådet. Fram til no har organiseringa av sekretariatsoppgåvene ikkje vore klart formalisert, bortsett frå at ein har hatt vedtektene for regionssamarbeidet. Eit arbeid med å formalisera samarbeidet i eit § 27-samareid er i gang.[1]

2.1.1 Føremål

Vest-Telemarkrådet (regionssamarbeidet) skal vere eit samarbeidsorgan for dei deltakande kommunane på alle områder og alle plan, og skal vere eit organ for løysing av felles spørsmål og oppgåver.

2.1.2 Avgjerdsmynde og oppgåver

I følgje vedtektene vert det fatta fleirtalsvedtak i dei styrande organa Rådet og Tinget, men regionssamarbeidet har etter det vi kan sjå ikkje fått mynde til å binde deltakarkommunane. Medlemene i Rådet kan legge ned veto om dei ikkje ynskjer ei sak til handsaming der. Det skal tungtvegande grunnar til for å nytte vetoretten.

I følgje vedtektene, er det Rådet som er ansvarlege for den daglege drifta av samarbeidet (sekretariatet), og dei kan knyte til seg tilsette eller kjøpe tenester for dette formålet.

Organiseringa av regionssamarbeidet slik ut:



[1] Jf. Kommunelova § 27

Oppgåver for sekretariatet
Regionrådsleiaren fortel at Vest – Telemarkrådet er eit koordineringsledd både inn mot Vest-Telemark og ut mot aktørar (som til dømes fylkeskommune og stat) som ynskjer å nå heile regionen. Regionsamarbeidet vert nytta som høyringsinstans av stat og fylkeskommune.

Sekretariatet førebur saker, til dømes arbeidsprogrammet, som vert handsama av Rådet og Tinget. Regionrådsleiaren fortel at han møter på fylkestingsmøte og i andre relevante fora der det er aktuelt å representere regionen.

Strategisk næringsplan
Den strategiske næringsplanen er vedtatt i Vest-Telemarktinget, Vest-Telemarkkommunane og i Rådet våren-11. I følgje planen skal Vest-Telemarkrådet ha ansvar for planen i Vest-Telemark, medan det regionale næringsapparatet skal ha ansvar for gjennomføringa.[2] Det er uklårt for oss kva som ligg i eit slikt ansvar, men vi legg til grunn at VTR har fått ein klårare bestillarfunksjon, og det lokale næringsapparatet har fått ein utførarfunksjon etter den nye næringsplanen. Næringsplanen definerer også kven VTR skal bestille hos. Prosjektansvaret på tiltaksnivå vert lagt til dei definerte aktørane: VTNU, Vest-Telemark Næringsforum (VTNF), Seljord kommune og reiselivsansvarlege i kommunane.[3]

Rådets rolle - formalisering av sekretariatsfunksjonen?
Rådet (sekretariatet) har i dag ein uklår rettsleg status. Det er uheldig, når ein har tilsette, skal inngå avtalar og forvalte oppgåver og midlar.

Kommunane i regionssamarbeidet er i gang med å formalisere VTR i eit § 27-samarbeid. Krava til eit slikt samarbeid går fram av kommunelova § 27. Eit slikt samarbeid skal mellom anna ha vedtekter og eit styre. Organet kan få delegert til seg avgjerder som gjeld drifta og organiseringa til samarbeidet.

I utgangspunktet er eit § 27-samarbeid ein del av dei kommunane som samarbeider, gjerne løyst ved at hovudkontorkommunen har dei administrative funksjonen som arbeidsgivaransvar, rekneskap og budsjett. Men slike ordningar kan og verte rekna som sjølvstendige rettssubjekt. Når ein skal vurdere den rettslege statusen til eit § 27 samarbeid, er relevante moment om samarbeidet har (1) eige budsjett, (2) har mynde til å tilsette personale, og (3) at det inngår avtaler med andre (4) samt at fleirtal i styret kan binde eit mindretal. VTR (sekretariatet) har i dag fleire trekk ved seg som gjer at det ser ut som eit eige rettssubjekt.

[2] Strategisk næringsplan 2011 – 2014, s 3. Tinget har handsama næringsplanen i sak 28/2011 og vedtatt at arbeidsutvalet skal vere styringsgruppe for SIVA Næringshage (Seljord kommune). Det er vedtatt å oppnemne ei arbeidsgruppe med representantar frå kvar kommune, og leiaransvar lagt til Seljord kommune. Arbeidsgruppa skal organisere det vidare arbeidet med næringshage, herunder utkast til søknad.
[3] Vi har ikkje vurdert denne ordninga mot reglar til dømes om offentleg støtte, offentlege anskaffingar og generelle forvaltningsrettslege prinsipp om lik handsaming.

2.1.3 Personell og kompetansetilgang

Regionrådsleiar
Vest-Telemarkrådet har i dag ein person i 100 % stilling tilsett som regionrådsleiar. I fylgje arbeidsavtala skal det utarbeidast ein stillingsinstruks for regionrådsleiaren. Dette er ikkje gjort.

Arbeidsgjevaransvar
I regionrådsleiarens arbeidsavtale står Vest-Telemarkrådet fram som hans arbeidsgjevar. Utbetaling av løn skjer i følgje lønsslipp frå eit organisasjonsnummer som høyrer til "Vest-Telemarkrådet v/ Vest-Telemark Næringsbygg"[4]. I følgje Brønnøysundregisteret har ikkje denne organisasjonseininga tilsette.
Kven som har arbeidsgjevaransvaret for regionrådsleiaren er såleis uklart. Som tilsett er regionrådsleiaren usikker på kven som er ansvarleg for hans rettar som arbeidstakar.

Kompetansetilgang og kjøp av tenester
VTR er samlokalisert med VTNU AS. Når regionrådsleiaren har behov for ekspertise på eit område, så finn han det "på gangen" hjå VTNU, fortel han, både frå tilsette hjå VTNU og frå innleidde prosjektmedarbeidarar. Han opplever VTR og VTNU som ei eining, og viser til mange praktiske og kompetansemessige føremoner ved det. Regionrådsleiaren viser mellom anna til at det har bygd seg opp eit svært bra fagmiljø hjå VTNU. Han understrakar at moglegskapen for å hente inn ekspertise på mindre oppdrag frå VTNU er svært verdifull for sekretariatet i VTR. Han meiner at det vil vere vanskeleg å fylle alle dei ulike hjelpefunksjonane dersom ein fikk ein eller to fast tilsette i sekretariatet.

Oversikt over Vest-Telemarkrådets kjøp av tenester frå VTNU AS 2008 – 2010:

VEST TELEMARKRÅDET
KJØP AT TENESTER FRÅ VTNU AS

ÅR	TEKST	TIMAR	BELØP
2008	IT TENESTER FRÅ ASP-IT AS SOM ER VIDARE-FAKTURERA GJENNOM VTNU AS		4 959,25
2008	IT TENESTER FRÅ KVITESEID ARBEIDSSAMVIRKE AS SOM ER VIDAREFAKTURERA GJENNOM VTNU AS		18 750,00
2009	SEKRETÆRARBEID "Samordning attføringsbedrifter" (Sak 43/09 Fellesfondet)		80 000,00
2009	SEKRETÆRARBEID	8	6 000,00
2009	KONSULENTTENESTER v/Børge 63 timar, Ole 50,5 t	113,5	99 312,50
2010	KONSULENTHONORAR Børge 20,5t, Haldor 96,0t, Karin 8,0t	124,5	108 937,50

[4] Sekretariatet er ikkje ein del av VTN, men dette er den nøyaktige nemninga i Brønnøysundregistrene

VTR kjøper tenester også frå andre aktørar. Fullstendig oversikt finn du i vedlegg III bak i rapporten.

Slik beskriv regionrådsleiaren sjølv kva kompetanse ein har/har hatt behov for å hente inn frå VTNU:

- It-kunnskap - support, bistand nettside, IKT-strategi
- Sakshandsaming (saksførebuing/oppfølging) - møtedeltaking i Råd og andre møte, t.d. KID-gruppa, Skjønnsmidlane, vegmøte, kommunale møte, fylkeskommunale møte
- Kontinuerleg "vegarbeid"
- Strategisk næringsplan, landbruksplan
- Strategiske initiativ/prosjektinitiativ
- Strategiske drøftingar
- Innspel prosjekt. (T.d. Politikar 2020 som no er i ferd med å bli eit nasjonalt prosjekt)
- Kompetanse om finansierings-moglegheiter, mellom anna statlege ordningar
- Arbeidsmiljø og kompetansefellesskap

VTNU fakturerer VTR for ei rekkje ytingar, jf. tabellen over. I følgje regionrådsleiaren og dagleg leiar i VTNU, gir VTNU råd, synspunkt og anna hjelp til VTR i større og mindre saker. Slike daglegdagse samtalar og utvekslingar vert ikkje dokumentert eller fakturert særskilt. Dagleg leiar opplyser at VTNU får om lag kr. 150 000 frå VTR for udefinerte oppdrag, og at denne tenesteytinga til rådsleiar er av dei oppgåvene som er dekt av det.

2.1.4 Finansiering

Tidlegare var VTR i all hovudsak finansiert gjennom Fellesfondet. Dagens VTR er over i ny finansieringsmodell. Sjå 3.5 for meir informasjon.

2.1.5 Rapportering

Når det gjeld rapportering av oppgåver og prosjekt, seier gjeldande vedtekter for regionssamarbeidet at det skal rapporterast til Tinget to gonger per år om gjennomføring av arbeidsprogrammet som Tinget har vedtatt for Rådet. VTR har etter dagens ordning eige rekneskap, som om det var § 27-formalisert.

Regionrådsleiaren seier i intervju at VTR ikkje har hatt strenge rutinar på resultatrapportering tilbake frå VTNU på prosjekt der VTR har vore prosjekteigar.

2.2 Vest-Telemark Næringsutvikling AS

2.2.1 Føremål

I fylgje selskapets vedtekter § 3 er VTNU sitt føremål å styrkje og vidareutvikle næringslivet i Vest-Telemark regionen. Det gjer VTNU ved å yte bedriftsrådgjevingstenester, ved å ta initiativ til og gjennomføre bedriftsretta prosjekt, regionale utviklingsprosjekt og oppgåver av næringspolitisk karakter. VTNU AS har i følgje vedtektene eit særleg ansvar for å fremja regionen sine interesser.

Overskot frå verksemda skal tilførast regionsutvikling i Vest-Telemark. Det skal ikkje takast ut utbytte, bonus eller liknande.

2.2.2 Avgjerdsmynde og oppgåver

VTNU AS er eit aksjeselskap og kven som har avgjerdmynde fylgjer av aksjelova og selskapets vedteker.

Eigarskap
VTNU AS er eigd av Vest-Telemark Næringsbygg (VTN). VTN er eigd av VTR-kommunane, med Vinje kommune som største aksjonær. VTR-kommunane eig til saman 58,2 % av aksjane i VTN, resten av aksjane er eigd av fylkeskommunen, Hjartdal kommune og private. VTR-kommunane har såleis ein indirekte eigarskap til VTNU.

Oppgåver
Dagens VTNU er det regionale næringsutviklingsselskapet i Vest-Telemark. Selskapet har i fylgje vedtektene eit særleg ansvar for å fremje regionens interesser.

I fylgje årsmeldinga for 2010 har hovudoppgåvene til VTNU AS vore:

- Bedriftsrådgjeving (Fellesfondet)
- Profilering av Vest-Telemark gjennom Vest-Telemarkportalen
- Det interkommunale innkjøpssamarbeidet i Midt- og Vest-Telemark (8 kommunar)
- Dataflyt GAB/matrikkel - GAB og kartsamarbeid
- Profil, nytt IT-system for pleie og omsorg. Betre system for turnusplanlegging
- Bulyst – "gje det vidare" – ei vidareføring av "Vi snur vinden – Fleire folk til Vest-Telemark"
- Arbeid for utbygging av Fibernett/breiband i regionen
- Vest-Telemarktreff på restaurant Smuget i Oslo
- Prøvebustader i Vest-Telemark

- Interaktive Telemark – elektronisk infrastruktur for betre tilgang til aktivitetar, attraksjonar, overnatting etc. for heile regionen
- Vandrerregionen – opplevingsregionen
- Vandrerregionen i framtida
- Politikar 2020 – for å betre rekrutteringa til politiske verv
- Liv i Vinje – for auka trivsel og bukvalitet i Vinje skulekrins
- Sekretariat for utarbeiding av ny strategisk næringsplan for Vest-Telemark
- Sekretariat for tiltaksretta landbruksplan for Vest-Telemark
- Ulike oppdrag innan samferdsel og vegutbygging
- Dagleg leiing av Vest-Telemark Næringsbygg AS. Oppdraget er tildelt dagleg leiar i VTNU, som har sitt tilsettingforhold hjå VTNU.
- Drift av etablerarkontoret for Vest-Telemark (Innovasjon Norge)

VTNU har ikkje ein oversikt som viser kven som er oppdragsgivar for dei ulike prosjekta.

2.2.3 Personell og kompetansetilgang

I 2008 og 2009 hadde selskapet 6 fast tilsette i 5,2 årsverk. I 2010 hadde selskapet 4 fast tilsette i 3,4 årsverk og to midlertidig tilsette, tilsvarande to årsverk. I tillegg leiger selskapet og inn personell og eksterne firma i midlertidige tilsettingar og tidsavgrensa tenesteoppdrag, for tida er det tre medarbeidarar som VTNU kjøper tenester av ved behov, og som har kontor hjå VTNU AS.

Totalt hadde selskapet knytt til seg ti medarbeidarar ved utgangen av 2010. Talet på fast tilsette har gått ned i høve til tidlegare, mens talet på personell med midlertidig tilknyting har gått opp. Vi har ikkje undersøkt om denne arbeidsmåten er i samsvar med reglane om midlertidige tilsettingar i arbeidsmiljølova § 14-9.
Når det gjeld kompetansen ved VTNU, seier dagleg leiar at denne må sjåast i samanheng med oppgåvene/prosjekta selskapet til ein kvar tid arbeider med.

Mellom dei ti medarbeidarane ein har knytt til seg i dag, har ein fem medarbeidarar med utdanning på masternivå og fire med minst 3-årig postgymnasial utdanning. Dagleg leiar vurderer kompetansen til VTNU som mangfaldig. Til prosjekt som treng kompetanse utover det VTNU har i eigen organisasjon, rekrutterer ein inn særskilt. Dagleg leiar seier dei for det meste har nytta eige nettverk i denne rekrutteringa.

Dersom VTNU knyter til seg ekstern kompetanse gjennom kjøp av tenester utan konkurranse, er det etter vår vurdering i strid med reglane om offentlege anskaffingar, både med dagens organisering og dersom VTNU blir eit direkte kommunalt eigd selskap. Reglane om offentlege anskaffingar gjeld for offentlege oppdragsgivarar, jf. LOA § 2 og FOA § 2-1. Forskrifta omfattar også

offentlegrettslege organ, dvs. stat og kommunar, og også organ eller verksemder som er organisert som eigne rettssubjekt, til dømes aksjeselskap, og som står i eit nært tilknytingsforhold til det offentlige. Slike verksemder som tener samfunnsmessige behov er gjerne vere omfatta av reglane. Dette går fram av rettleiaren til reglane om offentlege anskaffingar.

I fylgje årsmeldinga for 2010 har etablerertenesta tilgang på kompetansen til alle medarbeidarane ved VTNU AS. VTNU meiner at dette inneber ein robust og kompetent fyrstelineteneste som gjev etablerarane i Vest-Telemark ein særleg god rådgjeving. Også bedriftsrådgjevingstenesta har tilgang på kompetansen til medarbeidarar ved VTNU AS.

Selskapet har ikkje nokon kompetanseutviklingsplan for sine medarbeidarar. Ein har ikkje hatt system for kartlagging av om kompetansen hjå selskapet imøtekjem kompetansebehovet ute hjå bedrifter eller eigarar.

2.2.4 Finansiering

Selskapet er i dag finansiert av offentlege midlar, i hovudsak i form av tilskot.

Den regionale etablerertenesta i Vest-Telemark blir finansiert med 50-60 % frå kommunane (næringselskapet) og 40-50 % frå Innovasjon Norge. Midlane frå Innovasjon Norge er deler av midlar som fylkeskommunen får overført frå KRD og som fylkeskommunen gjennom årlege oppdragsbrev kjøper bedriftsretta tenester frå Innovasjon Norge for, slik som etablerarrettleiing.

Bedriftsrådgjevingstenesta (inntil 15 timar gratis rettleiing til verksemder) har vore finansiert av Fellesfondet.

Dei fleste av prosjekta VTNU AS har gjennomført / gjennomfører er finansiert med offentlege tilskot til VTNU etter søknad frå VTNU. Prosjekta har ofte ingen ekstern oppdragsgjevar, men selskapet fakturerer prosjekta for prosjektleiing.

Nedanfor finn du ein oversikt over tilskot selskapet har henta inn dei tre siste åra:

Det er i 2008 motteke offentlege tilskot med tilsaman kr: 15 674 262,- og som er mottatt frå fylgjande:

Det Interkommunale næringsfondet (Fellesfondet for øvre Telemark)	4 520 000
Norges Forskningsråd	1 998 334
Fylkesmannen i Telemark, Skjønnsmidlar	1 997 250
Kommunal og Regionaldepartementet, (breibandutbygging)	6 715 306
Innovasjon Norge	443 372
Sum offentlege tilskot	**15 674 262**

Det er i 2009 motteke offentlege tilskot med tilsaman kr: 9 436 232,- og som er mottatt frå fylgjande:

Statens Byggtekniske Etat	50 000
Det Interkommunale næringsfondet (Fellesfondet for øvre Telemark)	2 119 000
Telemark Fylkeskommune	500 000
Statens Landbruksforvaltning (BU Midlar)	106 000
Kommunal og Regionaldepartementet, (breibandutbygging)	6 282 732
Innovasjon Norge	378 500
Sum offentlege tilskot	**9 436 232**

Det er i 2010 motteke offentlege tilskot med tilsaman kr: 14 629 328,- og som er mottatt frå fylgjande:

Fylkesmannen i Telemark, Skjønnsmidlar	2 170 000
Det Interkommunale næringsfondet (Fellesfondet for øvre Telemark)	5 440 000
Telemark Fylkeskommune	4 887 500
Statens Landbruksforvaltning (BU Midlar)	40 000
Direktoratet for forvaltning og IKT (difi)	250 000
Innovasjon Norge	1 301 250
Vestfold Fylkeskommune (Oslofjordfondet)	200 000
Vinje, Kviteseid og Drangedal kommune	232 265
Noregs Bygdeungdomslag	108 313
Sum offentlege tilskot	**14 629 328**

Mottatt offentleg tilskot i 2010 og tidlegare år som er periodisera og overført til nytt år utgjer kr: 11 924 415,-

2.2.5 Rapportering

Etter aksjelova skal dagleg leiar rapportere til styret minst fire gonger i året, jf. aksjelova § 6-15. Styret i VTNU har ei rapporteringsplikt til styret i morselskapet, VTN, jf. aksjelova § 6-16. Det kan også vere knytt vilkår om rapportering til offentlige tilskott som vert gitt. VTNU har såleis ikkje ei generell rapporteringsplikt til kommunane eller til VTR.

Selskapet har rapportert prosjektresultat til dei instansane som har sett krav om det ved tildeling av midlar, til dømes Telemark fylkeskommune. Kommunane, VTR og Fellesfondet har i liten grad sett krav til systematisk rapportering på prosjektresultat frå VTNU gjennom kontrakt eller på annan måte.

3 Ny organisering – to modellar

Nedafor fylgjer rådmannsutvalets framlegg til modellar for framtidig organisering.

3.1 Dei to modellane

3.1.1 Modell 1 – VTNU A/S eigd av ikkje kommunale aktørar:



I denne modellen er VTNU A/S ikkje eigd av kommunane, og rådgivingstenester til rådet vert kjøpt inn etter konkurranse i ein marknad der VTNU A/S sidestillast med andre selskap.

3.1.2 Modell 2 – VTNU A/S eigd av dei kommunane som samarbeider i VTR



I denne modellen er VTNU A/S direkte eigd av kommunane.

3.1.3 Føresetnader for vår vurdering av modellane

Vi oppfattar modell 1 slik at det ikkje skal vere kommunale eigarar av VTNU AS. I følgje notatet frå rådmannsguppa: skal VTNU vere eigd av ikkje-kommunale eigarar "som i dag". Det er berre små formalitetar på eigarsida som skil modell 2 frå dagens

ordning. Vi har tolka dette slik at VTNU etter modell 1 ikkje skal vere i den særstillinga som ein har i dag, der VTNU har eit offentleg/allmennyttig formål/ oppdrag; å vere det regionale næringsutviklingsselskapet i Vest-Telemarkmed, med eit særleg ansvar for å fremje regionens interesser, utan utbytte til eigarane.

Vi legg såleis til grunn at ein med modell 1 tenkjer seg eit kommersielt og privatisert VTNU, utan eit særskilt samfunnsoppdrag. Den kommunale eigarskapen er eventuelt indirekte og marknadsmessig. Eit realistisk alternativ i ein slik modell kan såleis vere at det ikkje eksisterer noko VTNU A/S.

Vi oppfattar at VTNU AS i modell 2 skal vere direkte eigd av kommunane og ikkje indirekte slik som i dag, og at VTNU ved denne eigarskapen har ein definert posisjon som næringsselskap, og oppgåver slik som i dag. Skilnaden frå i dag er at eigarskapen er direkte og reint kommunal.

3.2 Rådets (sekretariatets) rolle i det nye organisasjonsbiletet - formalisering

Uavhengig av kva modell ein vel for VTNU, så er det eit behov for ei formalisering av sekretariatsfunksjonen i VTR. Etter vår vurdering er forslaget til vedtekter for § 27-samarbeidet berre delvis eigna til å stette dette behovet.

Forslaget til vedtekter ser ut til å skulle dekkje heile regionssamarbeidet, både det politiske og det administrative nivået. Ifølgje utkastet skal Rådet vere styre etter kommunelova § 27, og skal kunne tilsetje personell og kjøpe visse tenester. Det verkar som at Rådet skal gjere dette som sjølvstendig rettssubjekt.

I vedtektene bør det vere tvillaust avklart og gjennomtenkt om § 27-samarbeidet skal vere ei sjølvstendig juridisk eining eller ikkje. Dersom samarbeidet ikkje skal vere ei sjølvstendig eining, bør det gå fram av vedtektene kva kommune som skal vere kontorkommune og ha arbeidsgjevar, budsjett og rekneskapsfunksjon m.m., eventuelt om det skal delegerast til styret å avgjere spørsmål om budsjett og rekneskap.[5]

Om § 27-samarbeidet er juridisk sjølvstendig eller ein del av kommunen, har i den samanhengen vi skal greie ut noko å seie for høvet til eigenregi og for habilitet for styremedlemmene. Nedanfor gjer vi greie for skilnadene.

3.2.1 Sekretariatet som § 27-samarbeid – del av kommunen



Samarbeidsordningar etter § 27 skal ha eit styre som kan få mynde til å avgjere saker om drift og organisering av samarbeidsordninga (sekretariatet). I følgje kommunelova § 27 skal vedtektene definere korleis styret skal peikast ut, og korleis det skal vere samansett. Kvart kommunestyre må vedta vedtektene. I denne modellen er ikkje sekretariatet ei sjølvstendig juridisk eining, og styremedlemmene blir difor ikkje inhabile i eigen kommune. I modellen over viser vi difor at sekretariatet sitt styre etter koml § 27 er Rådet.

Samarbeidseininga vil som hovudregel vere ein del av kontorkommunen/kontorkommunane, og ligge inn under rådmannen i kontorkommunen sitt ansvar. Eininga inngår då i kontorkommunen sin rekneskap og budsjett etter reglane i budsjett- og rekneskapsforskriftene[5], og kontorkommunen får refundert utgiftene frå samarbeidskommunane etter avtale eller vedtekter. Tilsette vil vere tilsette i kontorkommunen eller samarbeidskommunen, som då vil ha arbeidsgivaransvaret.

Eininga vil vere omfatta av kontorkommunane sine rammeavtalar, og kan nytte eigenregi i høve til verksemder som kontorkommunen eig og som heilt eller hovudsakleg yter tenester for eigarane (t.d. eit kommunalt eigd VTNU).

[5] Forskrifter 15.12.2000 nr. 1423 § 1 og § 13 og nr. 1424 § 1 og § 12.

Medlem i styret i slikt samarbeid blir ikkje inhabil i eigen kommune, med mindre det ligg føre særskilte grunnar til det, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

3.2.2 Sekretariatet som sjølvstendig rettssubjekt etter koml § 27



Eit § 27 samarbeid kan også vere ei sjølvstendig juridisk eining med eige organisasjonsnummer skal også ha eit styre. Kommunane kan delegere mynde i saker som gjeld samarbeidet si drift og organisering til eit slikt styre.

Eit slikt samarbeid skal ha sitt eige budsjett og rekneskap. Utgangspunktet er at rekneskapslova gjeld for juridisk sjølvstendige einingar, men ein har høve til å bestemme at kommunelova sine reglar om økonomisk rapportering skal gjelde. Tilsette vil vere tilsette i § 27-samarbeidet, som då vil ha arbeidsgivaransvaret. Ei sjølvstendig § 27-eining vil sjølv vere kontraktsansvarleg.

Ei sjølvstendig juridisk eining kan ikkje nytte kommunane sine rammeavtalar i anskaffingar utan sjølv å vere part i rammeavtalane. Eininga kan heller ikkje nytte eigenregi overfor einingar som kommunane eig (t.d. eit kommunalt eigd VTNU).

Etter 1.11.2011 vil medlemmer i styret i eit kommunalt eigd sjølvstendig juridisk eining vere inhabile i eigen kommune, dersom kommunane skal handsame saker som gjeld denne eininga, t.d. økonomiplanen, dersom eininga får driftstilskott frå

kommunen. Det kan difor vere upraktisk at ordførarar/rådmenn sit i styret. Vi har difor teikna inn eit eige driftsstyre for sekretariatet i denne modellen. Dette styret skal handsame administrative saker som gjeld drifta av sekretariatet, og er ansvarlege for rekneskap og budsjett. Rådet og Tinget hentar ut tenester frå sekretariatet, og har den same politiske funksjonen som i dag.

Ein annan verknad av å etablere eit juridisk sjølvstendig § 27 samarbeid, er at dette vil ligge utanfor innsynsretten til kontrollutvalet i kommunen, jf. kommunelova § 77 og § 80.

3.3 Eksisterande organisasjon og kompetansemiljø hjå VTNU AS – kjøp av tenester og kompetanse

3.3.1 Modell 1 – VTNU AS eigd av ikkje-kommunale aktørar

Etter denne modellen vil VTR eller kommunane kunne kjøpe tenester og/eller gi tilskot til VTNU berre i samsvar med reglane om offentlege anskaffingar og reglane om offentleg stønad.

Nokre av funksjonane som VTNU har i dag vil kommunane/sekretariatet måtte kjøpe inn eller plassere i eigen organisasjon: Etablerertenesta, bedriftsrådgjevinga, samordninga av innkjøpssamarbeidet og IT-tenester. Kva kompetanse verksemder som søkjer etablerer- og bedriftsråd vil få tilgang på, avheng av korleis tenestene blir organisert/kva krav kommunane/sekretariatet stiller til leverandøren. Det samsfunnsoppdraget som VTNU har i dag vil vi tru at VTR skal ivareta.

Dei prosjekta VTNU driv etter eigen søknad, vil eit ikkje-kommunalt selskap framleis kunne søke på, men det vil truleg vere vanskelegare å få dei fleste aktuelle tilskotta dersom ikkje kommunane i regionen står bak søknaden. Ein eventuell kompetanse til å finne søknadsmidlar vil ikkje lenger vere tilgjengeleg, med mindre ein finn den kompetansen i kommunane eller i VTR.

Regionrådleiar legg vekt på at VTR og VTNU er som ei eining, og dei fordelane det gir, at ein kan hente store og små tenester "på gangen" hjå VTNU A/S. Regionrådsleiaren er redd fagmiljøet og kompetansetilgangen vert borte om kommunane trekker seg ut av VTNU. Dersom VTNU blir vidareført på marknadsmessige vilkår, er det sannsynleg at det kan bli eit noko klarare organisatorisk og oppgåvemessig skilje mellom VTNU og VTR enn det er etter dagens praksis. Men det vil vere høve til å avtaleregulere dagens ordning, der ein betaler ein fast sum for laupande rådgiving, og det vil såleis framleis vere mogleg for VTR å hente inn kompetanse som i dag. Etter modell 1 må ein slik avtale hentast inn etter konkurranse. Med ein verdi på ca. 150 000 kroner per år, vil kontraktsverdet bli 450 000 kroner, som er under kravet om nasjonal utlysing.

Eit VTNU i modell 1 (eit selskap som ikkje er eit offentlegrettsleg organ) vil fritt kunne kjøpe tenester frå andre, og vil som oppdragsgivar sjølv ikkje vere bundne av reglane om offentlege anskaffingar. Eit slikt selskap vil såleis ha godt høve til å oppretthalde eit kompetansenettverk bygd på kontraktar, med tilknytte leverandørar/samarbeidspartnerar etter fritt val, så framt det er kommersielt interessant for selskapet. Kommunane har etter denne modellen inga styring med kva slags organisering og kompetansemiljø ein vil finne i VTNU A/S eller hjå andre kompetansetilbydarar.

Vi kan ikkje vurdera kva konkurranse VTNU vil bli utsett for når det gjeld kampen om oppdraga frå VTR/kommunane, men det er sannsynleg med ein viss konkurranse, og at dei ikkje vil vinne alle oppdrag. På kommersielt grunnlag vil det truleg vere vanskeleg å oppretthalde det same kompetansemiljøet og tilbodet som VTNU har i dag for dette selskapet.

3.3.2 Modell 2 – VTNU AS eigd av dei kommunane som samarbeider i VTR

I denne modellen er føresetnaden at kommunane eig VTNU, og at VTNU er organisert som eit aksjeselskap som skal tene allmenne (ikkje forretningsmessige). Det er då opp til kommunane (eigarane) korleis ein vil rigge eit slikt selskap.

Vi legg til grunn at VTNU i denne modellen langt på veg skal ha dei same oppgåvene som i dag, mellom anna med Etablerarkontor, bedriftsrådgjeving og innkjøpssamarbeid.

Eit kommunalt eigd VTNU vil som oppdragsgivar vere bundne av reglane om offentlege anskaffingar. For å stette behovet for ein fleksibel prosjektorganisasjon, trur vi at det kan vere ei løysing å lyse ut ein eller fleire rammeavtalar, jf. forskrift om offentlige anskaffingar § 6-4, som kan vere grunnlaget for det kompetansenettverket som VTNU ynskjer å ha knytt til seg. Selskapet må sjølv vere part i eventuelle rammeavtalar – dei kan ikkje nytte kommunane sine avtalar utan sjølv å stå som part. Ein må gjere ei grundig vurdering av arbeidsmiljølova sine reglar om midlertidige tilsettingar.

VTR og VTNU er i eit tett samvirke og fungerar i det daglege arbeidsmiljøet og oppgåveutføringa på mange måtar som ei eining. Mange av aktørane meiner at dette har ein verdi. Modell 2 legg opp til at VTNU skal vere ei sjølvstendig juridisk eining, men at dei skal kunne levere tenester til VTR i eigenregi.

- Dersom kommunane er direkte eigarar av VTNU, så kan VTNU levere tenester *til kommunane* som eigenregi. Ein sentral føresetnad er at kommunane har same kontroll over VTNU som dei har over eigen organisasjon.

- Eit juridisk sjølvstendig VTR *kan ikkje* hente tenester frå eit kommunalt eigd VTNU i eigenregi. I så fall måtte VTR vere eigar av VTNU, eventuelt medeigar.
- Dersom VTR ikkje skal vere eit sjølvstendig rettssubjekt, men ein del av ein eller fleire kommunar, så kan VTR hente tenester frå eit kommunalt eigd VTNU som eigenregi.

3.4 Samordning mellom kommunalt og regionalt næringsarbeid

3.4.1 Oppgåvefordeling og avgjerdsmynde

Interkommunalt samarbeid gjev utfordringar knytt til kommunane sin tradisjonelle måte å styre på med ordrar og styringsliner ovanfrå og ned.

Det er viktig å finne ei klar rolle- og oppgåvefordeling mellom kommunenivå og regionalt nivå. Det same gjeld mellom organa på interkommunalt nivå. Val av samarbeidsform på regionalt nivå påverkar og kven som har rett til å ta avgjersler der. Kven som fattar avgjerslene påverkar graden av lokaldemokratisk mynde.[6]

- Klar rolle- og oppgåvefordeling mellom kommunalt og interkommunalt nivå og mellom aktørane på interkommunalt nivå
- Val av samarbeidsform påverkar graden lokaldemokratisk (avgjerds-) mynde

Oppgåvefordeling

Dei to modellane som skal vurderast seier lite om kva oppgåver som skal ligge kvar. Spørjeundersøkinga som i den samband vart gjennomført blant medlemmer i Vest-Telemarktinget og næringsansvarlege i regionen hadde for lita deltaking til at vi kan nytte denne som gyldig vurderingsgrunnlag. Vi finn det difor vanskeleg å gi noko vurdering av samordning av oppgåver mellom regionalt og kommunalt nivå i høve til dei to modellane.

Dagens organisering av interkommunalt nivå syner fleire teikn på uklar rollefordeling, og at det kan vere behov for ei meir hensiktsmessig arbeidsfordeling mellom VTR og VTNU. Organisasjonsoppskrifta "bestillar/utførar" er eit verktøy som kan nyttast for klarare rolle og oppgåvefordeling mellom VTR og VTNU (ev. andre som utfører tenester for VTR). Bestillar-utførar modellen representerer i prinsippet ein overgang frå tradisjonell hierarkisk styring til kontraktsstyring, og er ein modell som vert nytta i moderniseringsarbeid av offentlig sektor i store deler av

[6] Baldresheim, Harald og Rose, Lowrence E (2000): Det kommunale laboratorium, s 257-266
Jacobsen, Dag Ingvar (2009): Perspektiver på Kommune-Norge, s 152-156
Kjellberg, Francesko og Reitan, Marit (1995): Studiet av offentlig politikk, s139- 152

Europa. Oppskrifta kan nyttast både i modell 1 og modell 2. VTR kan gjennom ein aktiv anskaffingsstrategi bidra til å utvikle og profesjonalisere fleire verksemder i Vest-Telemark til konkurranse om offentlege oppdrag både i regionen og andre stader.
Eit arbeid med tydeleg rolle og oppgåveavklaring vert særleg viktig i modell 2 der kommunane går inn som eigarar av VTNU – ikkje minst grunna samlokalisering av VTR og VTNU.

Oppgåvefordeling i strategisk næringsplan
Når det gjeld nyleg vedteken strategisk næringsplan plasserer denne tydeleg aktøransvar for utføring (til VTNU, VTNF osv.) på tiltaksnivå. Ein slik praksis stiller seg ulikt i dei to modellane.

Model 1: Dersom ein ikkje skal ha ein kommunalt eigd utførar av prosjekta i næringsplanen, tilseier reglane om offentlege innkjøp og generelle forvaltningsrettslege likskapsprinsipp at kommunane bør legge til rette for lik handsaming av alle marknadsaktørar som har interesse og kompetanse på området.

Kven som helst har rettsleg høve til å gjennomføre dei tiltaka som ligg i planen – det er ikkje einerett eller utøving av mynde knytt til desse aktivitetane. Men det er lite truleg at eit selskap/eining vil få offentleg stønad utan at kommunane står bak søknaden til aktivitetane. Med modell 1 er det såleis uheldig at ein har plassert gjennomføringsansvaret til dømes hjå VTNU.

Modell 1 føreset at VTR i større grad tar prosjektinitiativ, koordinering og prosjekteigarskap i høve næringsplanen.

Modell 2 legg i større grad til rette for politikarbestemt plassering av utføraransvar, slik det er lagt opp til i nyleg vedtatt plan. Dette fordi ein vil kunne nytte eigenregi i tildeling av oppdrag til VTNU (obs. § 27 samarbeid i punkt 3.2). Modell 2 opnar for at både VTR og VTNU kan ta prosjektinitiativ, koordinering og prosjekteigarskap.

Avgjerdsmynde
Modell 1 føreset at initiativ og prioriteringar i næringsutviklingsarbeidet skjer i VTR, og ikkje i VTNU. Den politiske aktiviteten knytt til næringsutvikling skjer såleis i Rådet og Tinget. Samordning skjer i stor grad ved at sentrale kommunepolitikarar sit i Rådet og Tinget. Denne modellen gjev såleis ein sterkare politisk styring av aktiviteten, dersom VTR lukkast med den aktiviteten som hittil i stor grad har skjedd i VTNU.

I modell 1 vil kommunane/VTR ikkje ha avgjerdsmynde i VTNU. VTNU vil vere eigd av ikkje kommunale aktørar, og vil ta avgjerder ut frå forretningsmessige forhold.

Kommunane/VTR vil vere oppdragsgivar og velje leverandør, og ha ei viss styring med gjennomføring og retning gjennom kontraktar.

I modell 2 vil kommunane/VTR vere eigarar av VTNU og såleis ha avgjerdsmynde gjennom eigarstyring og val av styremedlemmer. Grunna nye habilitetsreglar bør ikkje sentrale politikarar ha styreverv i aksjeselskap og andre sjølvstendige rettssubjekt. Den politiske påverknaden vil såleis i hovudsak skje gjennom eigarstyring og vedtekter. Eigarane vil også gjennom driftstilskott eller betaling for oppdrag ha styring med verksemda, som i hovudsak skal vere retta mot tenester til VTR/kommunane.

For begge modellane gjeld det at kommunetilsett eller personar med politisk verv i kommunen vil vere inhabil i kommunale saker som gjeld selskapet, dersom vedkomande sit i styret eller er dagleg leiar for selskapet. Dette gjeld frå 1.11.2001, anten selskapet er heileigd kommunalt eller ikkje, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd bokstav e.

3.4.2 Rapportering

Rapporteringsrutinar på gjennomføring er ein viktig faktor for samordning mellom ulike aktørar. Det er såleis avgjerande at rapportering vert etterspurt og nytta både av det regionale og det kommunale nivået.

VTR-samarbeidet er i ferd med å bli formalisert som eit § 27-samarbeid. Korleis den administrative rapporteringa vil gå føre seg, avheng av kva ein bestemmer om rapportering for samarbeidet. Den økonomiske rapporteringa er omtala i pkt. 3.2.

I modell 1 legg vi til grunn at det er VTR som er utøvande oppdragsgivar, og som vil ha rapporteringsansvaret ovanfor samarbeidskommunane. Ekstern gjennomføring av tiltak og prosjekt vil vere styrt av kontraktar. Behov for å få rapportering frå utførar av prosjekta kan løysast ved krav om rapportering i kontraktane.

I modell 2 med ei vidareføring av det initiativet som ligg i VTNU, kan rapporteringa til det kommunale nivået vere ein del av kommunane si eigarstyring av selskapet.

3.5 Finansiering og økonomi

3.5.1 Generelt

Rådmannsutvalet har gjort framlegg om at Vest-Telemarksrådet har eit årleg budsjett på 4 millionar kroner. Dette skal dekke løn til tilsette og driftsutgifter til rådet. TUF dekker ein del av avtalekommunane sine årlege utgifter til regionalt samarbeid. Det er løyvd 2 millionar frå TUF til Vest-Telemark kommunane for 2011. Dette beløpet vert indeksregulert med konsumprisindeksen kvart år. Grunnfinansieringa av disse

kostnadene skal ligge fast i avtaleperioden, og skal overførast årleg frå fondet etter dokumentert søknad.

Det er forslag om at tilskotet til regionssamarbeidet frå kommunane f.o.m. 2012 skal delast slik at 50 % av utgifta til tilskotet blir delt likt på alle kommunane, mens 50 % av tilskotet blir delt etter folketal.

VTR kan gjere bruk av momskompenasjonsordninga som gjelder for kommunane.

3.5.2 Modell 1

I denne modellen er det avsett tre årsverk til regionsrådsamarbeid. Årsverka er tenkt fordelt på følgjande stillingar:

Dagleg leiar/regionsrådssekretær	100 %
Rådsarbeid/prosjektrigging	100 %
IKT	50 %
Sekretær	50 %

I denne modellen ligg det som føresetnad at kommunane skal selje sine andelar av VTNU AS, og at dette selskapet skal vere 100 % privat eigd. Kommunane vil ikkje ha ansvar for drifta av selskapet. Vi har ikkje forsøkt å anslå verdien på kommunane sine aksjar. Regionsrådsamarbeidet skal kjøpe rådgjevingstenester av aktørar i marknaden i samsvar med reglane for offentlege innkjøp.

Den største faste kostnaden i samarbeidet vil være løn til tilsette i VTR. Vi kjenner ikkje kva løn dei tilsette eksakt vil få, men vi har sett opp eit anslag. Vi har lagt til 25 % for å dekke sosiale kostnader (arbeidsgjevaravgift og pensjonskostnader).

Kostnadsanslag – løn

Stilling	**Anslag løn**	**Sosiale kostnader**	**Sum**
Regionsrådsekretær	500 000	125 000	625 000
Rådsarb/prosjektr.	450 000	112 500	562 500
IKT 50 %	200 000	50 000	250 000
Sekretær 50 %	200 000	50 000	250 000
Sum løn	**1 350 000**	**337 500**	**1 687 500**

I tillegg til lønskostnader, må ein rekne med kostnader til kontor for dei tilsette, til dømes husleige, straum, inventar, dataløysingar osv. Denne kostnaden vil avhenge av kor samarbeidet skal vere lokalisert.

Uavhengig av talet på tilsette, må samarbeidet ha eit styre. Styregodtgjering etter gjeldande reglement må reknast inn budsjettet.

Samarbeidet er tenkt finansiert med midlar frå TUF og kommunane. I denne modellen blir ein større del av budsjettet bunde opp i faste kostnader, og samarbeidet vil ha færre midlar til å kjøpe inn konsulenttenester. Regionssamarbeidet/kommunen (avhengig av organisering) vil ha arbeidsgjevaransvar for fleire tilsette. Samtidig vil regionssamarbeidet ha ein meir robust organisasjon, som kan inneha og opparbeide kompetanse på regionsutvikling. Samarbeidet står fritt til å kjøpe rådgjevingstenester frå dei beste tilbydarane i marknaden.

Dersom selskapet vert oppløyst skal nettoeiga i selskapet fordelast slik at aksjonærane får utbetalt inntil 1000 kr pr. aksje. Resten av eiga skal i fylgje vedtektene tilførast Fellesfondet. Vi har ikkje undersøkt korleis dette vil stille seg etter overgangen til TUF.

3.5.3 Modell 2

I denne modellen er det avsett to årsverk til regionrådsamarbeid. Årsverka er tenkt fordelt på følgjande stillingar:

Dagleg leiar/regionsrådsekretær
Rådgjevar

I denne modellen ligg det som føresetnad at VTR-kommunane skal kjøpe aksjane i VTNU AS og at selskapet skal vere 100 % og direkte kommunalt eigd. Det er opplyst at aksjane vil bli overdregne for kr. 1 per aksje. Det 100 % kommunalt eigde selskapet skal levere tenester hovudsakeleg berre til eigarkommunane, såkalla eigenregi. For å fylle vilkåra til eigenregi kan selskapet berre i svært avgrensa grad selje tenester til andre enn eigarane. Kommunane vil med denne modellen måtte sikre at selskapet har tilstrekkelege inntekter til å dekke driftskostnadene som trengst for å produsere dei tenestene som kommunane ynskjer.

Den største faste kostnaden i regionsrådsamarbeidet vil vere løn. Som ved modell 1 kjenner vi ikkje eksakte lønskostnader, men vi brukar tilsvarande anslag.

Kostnadsanslag - løn

Stilling	Anslag løn	Sosiale kostnader	Sum
Regionsrådsekretær	500 000	125 000	625 000
Rådsarb/prosjektr.	450 000	112 500	562 500
Sum løn	**950 000**	**237 500**	**1 187 500**

Som for modell 1 må ein rekne med kostnader til kontor for dei tilsette og styregodtgjering.

I modell 2 ligg det økonomiske og juridiske ansvaret i selskapet som kommunane eig.[7] For kommunane/VTR er ein mindre del av budsjettet bunde opp i faste kostnader, og samarbeidet vil ha større midlar til å kjøpe tenester for. I denne modellen er det ikkje tilsette med ansvar for IKT- og sekretærtenester. Om desse tenestene skal kjøpast i tillegg, vil det redusere midlane som kan brukast til å kjøpe tenester til regionsutvikling/prosjektarbeid. Det kan vere rimelegare for samarbeidet å kjøpe tenestene framfor å ha eigne tilsette, alt avhengig av kva slags ordning samarbeidet har behov for. Vi har ikkje gjort nokon vurderingar av dette. Ved modell 2 vil samarbeidet/kommunane (avhengig av organisering) ha arbeidsgjevaransvar for berre to tilsette, mot tre tilsette i modell 1.

Når VTNU AS blir drive for å levere tenester til eigar, kan eigar kjøpe tenester frå selskapet utan å gjennomføre konkurranse (direktekjøp).[8] Det ligg i modell 2 at samarbeidet også skal kunne kjøpe tenester frå andre leverandørar. Men kommunane må kjøpe nok tenester frå VTNU AS til at selskapet har inntekter nok til å dekke sine driftskostnader. Konsekvensen av dette er at samarbeidet ikkje står like fritt til å velje leverandørar av tenester som dei gjer i modell 1.

4 Oppsummering

Utgreiinga skal vise konsekvensar av to definerte modellar for:

- *Eksisterande organisasjon og kompetansemiljø hjå VTNU*
- *Samordninga mellom regionalt og kommunalt næringsarbeid*
- *Finansiering og økonomi*

Vi skulle også sette fokus på Rådets rolle i det nye organisasjonsbiletet.

Dagens situasjon:

Rådet (sekretariatet) har i dag ein uklår rettsleg status. Dette er uheldig, når ein har tilsette, skal inngå avtalar og forvalte oppgåver og midlar. I vedtektene som skal formalisere VTR bør det vere tvillaust avklart og gjennomtenkt om § 27-samarbeidet skal vere ei sjølvstendig juridisk eining eller ikkje.

Om § 27-samarbeidet er juridisk sjølvstendig eller ein del av kommunen, har noko å seie for høvet til eigenregi og for habilitet for styremedlemmene. Eit juridisk

[7] Sjølv om det økonomiske og juridiske ansvaret for drifta ligg i det sjølvstendige selskapet, vil kommunane som eigarar av selskapet alltid ha eit politisk ansvar.
[8] På visse vilkår, sjå pkt. 3.3.2

sjølvstendig sekretariat vil ikkje kunne hente tenester i eigenregi frå eit selskap som er eigd av kommunane. Grunna dei nye habilitetsreglane bør ein vere bevisst at sentrale politikarar som har styreverv i aksjeselskap og andre sjølvstendige rettssubjekt vil bli inhabile i kommunen.

VTNU knyter til seg ekstern kompetanse gjennom kjøp av tenester utan konkurranse. Måten ein gjer dette på er etter vår vurdering i strid med reglane om offentlege anskaffingar, både med dagens organisering og dersom VTNU blir eit direkte kommunalt eigd selskap.

Fordelar og ulemper ved modellane:
Dagens organisering av interkommunalt nivå syner fleire teikn på uklar rollefordeling, og at det kan vere behov for ei meir hensiktsmessig arbeidsfordeling mellom VTR og VTNU. Organisasjonsoppskrifta "bestillar/utførar" er eit verktøy som kan nyttast for klarare rolle og oppgåvefordeling mellom VTR og VTNU (ev. andre som utfører tenester for VTR). VTR kan gjennom ein aktiv anskaffingsstrategi bidra til å utvikle og profesjonalisere fleire verksemder i Vest-Telemark til konkurranse om offentlege oppdrag både i regionen og andre stader. Bestillar/utførar-modellen kan nyttast både i modell 1 og modell 2.

Modell 1:

Her har ikkje kommunane ansvar for drift av VTNU AS.

Det samsfunnsoppdraget som VTNU har i dag vil vi tru at VTR skal ivareta.

VTR eller kommunane kan kjøpe tenester av VTNU berre etter konkurranse og i samsvar med reglane om offentlege anskaffingar. Eventuelle tilskot til VTNU (som privat aktør), må følgje reglane om offentleg stønad.

Eit privat VTNU kan framleis søke om midlar til prosjekt som i dag, men det vil truleg vere vanskelegare å få dei fleste aktuelle tilskotta dersom ikkje kommunane i regionen står bak søknaden.

Ein eventuell kompetanse til å finne søknadsmidlar vil ikkje lenger vere tilgjengeleg, med mindre ein finn den kompetansen i kommunane eller i VTR.

VTNU i modell 1 vil fritt kunne kjøpe tenester frå andre, og vil som oppdragsgivar sjølv ikkje vere bunden av reglane om offentlege anskaffingar. Eit slikt selskap vil såleis ha godt høve til å oppretthalde eit uformelt kompetansenettverk med tilknytte leverandørar/samarbeidspartnerar etter fritt val.

Kommunane har etter denne modellen inga styring med kva slags organisering og kompetansemiljø ein vil finne i VTNU A/S eller hjå andre kompetansetilbydarar.

Strategisk næringsplan plasserer tydeleg aktøransvar for utføring på tiltaksnivå. Ved val av modell 1 tilseier reglane om offentlege innkjøp og generelle forvaltningsrettslege likskapsprinsipp at kommunane bør legge til rette for lik handsaming av alle marknadsaktørar som har interesse og kompetanse på området.

Modell 1 gjev ein sterkare politisk styring av næringsutviklinga, dersom VTR lukkast med den aktiviteten som hittil i stor grad har skjedd i VTNU.

Kommunane/VTR vil vere oppdragsgivar overfor VTNU og ha den styringa som kontraktane gir.

Vi legg til grunn at det er VTR som vil ha rapporteringsansvaret overfor samarbeidskommunane. Behov for å få rapportering til VTR frå utførar av prosjekta kan løysast ved krav om rapportering i kontraktane.

Regionssamarbeidet/kommunen (avhengig av organisering av § 27 samarbeidet) vil etter modell 1 ha arbeidsgjevaransvar for fleire tilsette. Samtidig vil regionssamarbeidet ha ein meir robust organisasjon, som kan inneha og opparbeide kompetanse på regionsutvikling.

Modell 1 kan innebere sal av aksjar eller oppløysing av VTNU. Ved oppløysing av selskapet skal aksjonærane først ha dekning for aksjane sitt pålydande. Deretter vil resten av verdiane gå til Fellesfondet. Vi har ikkje undersøkt kva overgangen til TUF har å seie for denne vedtekta.

Modell 2:

Eit kommunalt eigd VTNU vil som oppdragsgivar vere bunden av reglane om offentlege anskaffingar, både ved innhenting av ekstern kompetanse og andre anskaffingar.

I vidare vurdering av eit kommunalt eigd VTNU bør det gjerast ei grundig vurdering av bruken av midlertidige tilsettingar etter arbeidsmiljølova § 14-9.

Eit arbeid med tydeleg rolle og oppgåveavklaring vert særleg viktig i modell 2 der kommunane går inn som eigarar av VTNU – ikkje minst grunna samlokalisering av VTR og VTNU.

Modell 2 legg i større grad til rette for politikarbestemt plassering av utføraransvar, slik det er lagt opp til i nyleg vedtatt plan. Dette fordi ein vil kunne nytte eigenregi i tildeling av oppdrag til VTNU. Både VTR og VTNU vil kunne ta prosjektinitiativ, koordineringsrolle og prosjekteigarskap.

I modell 2 vil kommunane/VTR ha avgjerdsmynde gjennom eigarstyring og val av styremedlemmer i VTNU. Eigarane vil gjennom driftstilskott eller betaling for oppdrag kunna ha styring med verksemda, som i hovudsak skal vere retta mot tenester til VTR/kommunane.

Krav om rapportering til det kommunale nivået kan vere ein del av kommunane si eigarstyring av selskapet.

I modell 2 er ein mindre del av budsjettet bunde opp i faste kostnader. I denne modellen er det ikkje tilsette med ansvar for IKT- og sekretærtenester. Om desse tenestene skal kjøpast i tillegg, vil det redusere midlar som kan brukast til å kjøpe tenester til anna regionsutvikling/prosjektarbeid. Det kan vere rimelegare for samarbeidet å kjøpe tenestene framfor å ha eigne tilsette, alt avhengig av kva slags ordning samarbeidet har behov for. Vi har ikkje gjort nokon vurderingar av dette.

Ved modell 2 vil samarbeidet/kommunane (avhengig av organisering) ha arbeidsgjevaransvar for berre to tilsette, mot tre tilsette i modell 1.

Modell 2 vil oppfylle vilkåra for eigenregi for eigar av selskapet. Eit slikt selskap kan berre i svært liten grad selje tenester til andre. Kommunane vil måtte sikre at VTNU har tilstrekkelege inntekter (oppdrag og tilskot) til å dekke driftskostnadene som trengst. Eigarane må såleis kjøpe nok tenester frå VTNU til at selskapet har inntekter til å dekke sine driftskostnader. Konsekvensen av dette er at eigar ikkje står like fritt til å velje leverandørar av tenester som i modell 1.

VEDLEGG I - innhenta tenester til Vest-Telemarkrådets sekretariat 2008-2010

FELLESFONDET
KJØP AT TENESTER FRÅ VTNU AS

ÅR	TEKST	TIMAR	BELØP
2008	SEKRETÆRHJELP TIL SÆRUTSKRIFTER O.L		17 500,00
2009	SEKRETÆRHJELP KULTURFONDET SÆRUTSKRIFTER O.L	37,25	31 725,00
2010	SEKRETÆRHJELP SÆRUTSKRIFTER O.L	37	32 375,00

KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE

ÅR	TEKST	TIMAR	BELØP
2008	ERNST & YOUNG AS Revisjon		8 000,00
2008	VEST TELEMARK ØKONOMI OG REKNESKAP AS Rekneskapsføring	36,5	18 478,00
2009	ERNST & YOUNG AS Revisjon		8 000,00
2009	VEST TELEMARK ØKONOMI OG REKNESKAP AS Rekneskapsføring	40	21 501,00
2009	ADVIKATFIRMA LUND & CO DA JURIDISK BISTAND 8 kommunars avtala	10,5	30 187,50
	PROFESSOR DR.JUR. GEIR WOXHOLT Tlkingar oppsigelsesklausul konsesjonskraftavtala		53 088,00
	SUM		83 275,50
2010	ERNST & YOYNG AS Revisjon		8 000,00
2010	VEST TELEMARK ØKONOMI OG REKNESKAP AS Rekneskapsføring	30,5	17 157,00

VEST TELEMARKRÅDET
KJØP AT TENESTER FRÅ VTNU AS

ÅR	TEKST	TIMAR	BELØP
2008	IT TENESTER FRÅ ASP-IT AS SOM ER VIDARE-FAKTURERA GJENNOM VTNU AS		4 959,25
2008	IT TENESTER FRÅ KVITESEID ARBEIDSSAMVIRKE AS SOM ER VIDAREFAKTURERA GJENNOM VTNU AS		18 750,00
2009	SEKRETÆRARBEID "Samordning attføringsbedrifter" (Sak 43/09 Fellesfondet)		80 000,00
2009	SEKRETÆRARBEID	8	6 000,00
2009	KONSULENTTENESTER v/Børge 63 timar, Ole 50,5 t	113,5	99 312,50
2010	KONSULENTHONORAR Børge 20,5t, Haldor 96,0t, Karin 8,0t	124,5	108 937,50

KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE

ÅR	TEKST	TIMAR	BELØP
2008	TELEMARK KOMMUNEREVISJON IKS Revisjon		12 250,00
2008	VEST TELEMARK ØKONOMI OG REKNESKAP AS Rekneskapsføring	44,5	22 529,00
2008	KVITESEID ASSISTANSE Serkretærarbeid i samband m. Regionrådskonferansen	21,5	7 659,50
2009	TELEMARK KOMMUNEREVISJON IKS Revisjon		17 062,00
2009	VEST TELEMARK ØKONOMI OG REKNESKAP AS Rekneskapsføring	51,5	27 681,00
2009	TELEMARK FORSKING BØ Foredrag Regionkonferansen		7 385,00
2009	KVITSEID ASSISTANSE Sekretærarbeid i samband m. Regionrådskonferansen		67 330,50
2009	HEDEMARK FYLKESKOMMUNE "Med argusøyne på WTO"		20 000,00
2009	KVITSEID VEKST IT tenester frå ASP IT AS som er vidarefakturera		11 627,50
2010	TELEMARK KOMMUNEREVISJON IKS Revisjon		24 062,00
2010	VEST TELEMARK ØKONOMI OG REKNESKAP AS Rekneskapsføring		27 563,00
	NOREM AS Honorar rapport kollektivtransport		37 500,00
2010	KVITESEID VEKST IT tenester frå ASP IT AS som er vidarefakturera		9 246,25

4/4 · 11

Sak 37/2011 Interkommunale samarbeidsordningar – orienteringar/drøftingar.
Til rådsmøtet 24. mai har Vest-Telemarkrådet invitert leiinga i Vest-Telemark PPT, Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark samt Vest-Telemark Brannvesen til å orientere nærare om den komande drifta og økonomien i dei ulike samarbeidsordningane.